



Møtebok for Kommunestyret

Møtedato: 28.09.2016
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 14:00 - 19:00

Møtet starta med mat.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Bjarte Andvik	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Frode Langhelle	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Wenche Daae	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Hildegunn Bjånes	AP	Arthur Reidar Sjursen
Bjarte Dyrkolbotn	H	Atle Nordland
Astrid Daae Kristiansen	H	Frode Langhelle
Jan Helge Torsvik	Sp	Wenche Daae
Ivar Holmaas	V	Egil Kvingedal

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass. rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel	
057/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 03
058/2016	Godkjenning av møtebok	s. 04
059/2016	Framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2016 – 2020	s. 05
060/2016	Revisjon av kommuneplanen sin arealdel – Planprogram	s. 10
061/2016	Arbeidsgruppe for rehabilitering av friidrettsbana på Sentralidrettsanlegget, Hosteland	s. 12
062/2016	Skuleskyss for elevar frå Rekneset	s. 14
063/2016	Val av forliksrådsmedlemmer - felles forliksråd i kommunane Masfjorden og Gulen	s. 16
064/2016	Møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17 - 31.12.20	s. 22
065/2016	Personalreglement med høyringsuttale	s. 25
066/2016	Søknad om støtte gjennom kraftfondet - Sandneskafeen AS	s. 35
067/2016	Utbyggingsavtale Liarinden	s. 38
068/2016	Prioriteringar av vegprosjekt i Masfjorden kommune i samband med Nordhordlandspakka	s. 40
069/2016	Drøfting om utbygging av fleire område for breidband i Masfjorden	s. 46
070/2016	Kommunedelplan for fjellheimen villreinområde – slutthandsaming	s. 51
071/2016	Framtidig organisering av reiselivet for kommunane i Region Nordhordland ..	s. 55
072/2016	Høyringssvar frå Masfjorden kommune. Nye oppgåver til større kommunar	s. 63
073/2016	Finansrapportering pr. 31.08.2016/2.tertial	s. 66
074/2016	Økonomisk rapportering 2. tertial 2016	s. 71
075/2016	Kraftfondsbudsjettet for 2017	s. 73
076/2016	Budsjettrevidering 2016 - Frie inntekter og budsjetttrammer	s. 79
077/2016	Referatsak	s. 85

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		16/574

Saknr	Utval	Type	Dato
057/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 057/2016

KS - behandling:

Bjørn Egil Nordland (Ap) etterlyste sak om PPT som skulle kome opp i septembermøte. Rådmannen svara at sak kom i neste kommunestyremøte.

Det vart gjort framlegg om at Lene Hansen Kvamsdal og Bjørn Egil Nordland skulle underskrive møteboka.

Ordførar orienterte om at MOT v/rettleiarane Merethe Engelsen og Per Einar Langhelle og elevane Ina og Stina var invitert til møtestart for å orientere om MOT-arbeidet i kommunen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		16/574

Saknr	Utval	Type	Dato
058/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016
079/2016	Kommunestyret	PS	31.10.2016

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Journalposttittel

Protokoll - Kommunestyret - 22.06.2016

Dato

22.07.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 058/2016

KS - behandling:

John Torsvik (H) sa at det var ein mogleg feil i møteprotokollen for sak 47.

Etter møtet konfererte ordførar og rådmann med forslagsstillar. Ein vart då samde om at denne saka må oppatt i neste kommunestyremøte.

KS - vedtak:

Saka vert utsett og kjem opp att i neste kommunestyremøte.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE - 144, TI - &37	15/955

Saknr	Utval	Type	Dato
070/2016	Formannskapet	PS	14.06.2016
059/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2016 - 2020

Vedlegg:

Journalposttittel

Planstrategi for Masfjorden 2016 - 2020 framlegg dagsett 01.06.2016

Dato

03.06.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til planstrategi dagsett 01.06.2016 for Masfjorden kommune 2016 – 2020 vert godkjent.

Saksdokument med vedtak vert kunngjort i minimum 30 dagar, jf. plan- og bygningslova sin § 10-1, før saka går vidare til kommunestyret til endeleg handsaming.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Formannskapet gjorde i sak 137/2015 den 01.12.2015 vedtak om at Masfjorden kommune skulle starta opp arbeidet med kommunal planstrategi for 2016 – 2020.

Kommunen har etter PBL § 10-1 første ledd plikt til å vedta ein kommunal planstrategi seinast eitt år etter at det nye kommunestyret er konstituert. I lova står det at: «Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.»

Det er det nye kommunestyret som er ansvarlig for utarbeidinga.

Gjeldande planstrategi for perioden 2012 – 2016 vart vedteken i kommunestyret i møte den 30.10.2012, sjå vedlegg. Gjeldande plan har følgjande fokus:

Bru over Masfjorden

Lokalsamfunnsutvikling - folketalsauke og bustadbygging

Samfunnstryggleik og beredskap

Energi og klima

Folkehelse

Kvalitet og kompetanse

Kommunale tenester

Masfjorden kommune har hatt folketalsauke som eit overordna mål. Ved siste folketalsstatistikkrunda vi 1700 innbyggjarar. Dette viser at det nyttar å ha fokus på lokalsamfunnsutvikling og bustadbygging, og inspirerer til vidare satsing i tråd med målsettingane i kommuneplanen sin samfunnsdel. Planstrategien skal vera eit prioriteringsverktøy, slik at det planarbeidet som har størst effekt for å nå kommunen sine hovudmål vert gjennomført først.

Første del av arbeidet var å innhenta synspunkt frå det administrative og det politiske miljøet i kommunen, for å setja saman ein oversikt over utviklingstrekk og utfordringar kommunen no står over for. Med dette som bakgrunn lagde administrasjonen laga eit framlegg til planstrategi med status over dei ulike planane og med framlegg til planbehov

Ved prosessen for planstrategi for 2012-2016 vart det laga eit godt kunnskapsgrunnlag. Ved utarbeiding av framlegg til ny planstrategi er det naturleg å ta utgangspunkt i kva røynsle ein har med gjeldande plandokument og behov for revidering av eksisterande planar, samt sjå nærmare kva nasjonale og regionale forventningar ein kan og bør ta inn i strategidokumentet. Her vil og eventuelle behov knytt til framtidig kommunestruktur måtte vurderast.

Når det ligg føre eit framlegg til ny planstrategi skal dette kunngjerast og sendast på høyring til regionale instansar m.fl.

Administrasjonen har drøfta utfordringane til Masfjorden og meiner at dei i stor grad er dei same som vart nedfelt i samfunnsdelen frå 2012.

At kommuneplanen i utgangspunktet vert vidareført utan endringar for denne perioden vil likevel ikkje hindra at kommunestyret kan gjera endringar i planstrategien dersom erfaringane med kommuneplanen eller nye utviklingstrekk viser at det er behov for rullering av kommuneplanen - heilt eller på særlege område. Utfordringsdokumentet som no ligg føre skal og fanga opp nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, og rådmannen meiner at utfordringsdokumentet har fanga opp dette ved å peika på behovet for å få utvikla nye bustadmiljø i eksisterande bygdesentra både på Matre, Sandnes og Hosteland.

I møte i formannskapet den 16.02.2016 i sak 021/2016 vart det gjort vedtak om å senda framlegg til planstrategi ut på høyring. Framlegget har no vore på høyring med frist 15. mai for å koma med

merknad.

Det er i høyringsperioden kome inn følgjande merknader, som nedunder vert kort referert og deretter vurdert av rådmannen i kursivtekst.

Brev frå Fylkesmannen i Hordaland av 11.04.2016, som skriv at dei legg til grunn at dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging vert lagd til grunn for dokumentet, og som omhandlar følgjande tema:

- Klima og energi
- By- og tettstadsutvikling
- Samferdsle og infrastruktur
- Verdiskapning og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekst

I tillegg peikar Fylkesmannen på at den lovpålagde ROS-analysen og kriseplan er eit område som er viktig å omtale i planstrategien, samt at den nyleg utarbeidde folkehelseoversikta for kommunen og helseutfordringar bør drøftast nærmare. Fylkesmannen nemner vidare følgjande tema som kommunen bør ha som tema i planstrategien. Desse er: **Born – og unge, flyktningar, naturmangfald, akvakultur, friluftsliv**. Når det gjeld kommunen sitt ønskje om å få på plass fleire område for spreidd utbygging utan plankrav, viser Fylkesmannen forståing for dette. Det vert likevel peikt på at det skal lite til før plankravet gjer seg gjeldande, spesielt i strandsona.

Rådmannen har drøfta innhaldet i brevet frå Fylkesmannen og meiner at dei nasjonale forventningane er vorte bra vurdert i samband med utarbeiding av framlegget som var på høyring. Ein ser difor ikkje grunn til å endra på planstrategidokumentet på grunn av brevet til Fylkesmannen.

Brev frå Hordaland fylkeskommune dagsett 08.04.2016, som viser til tidlegare utsendt brev av 22.02.2016, som gjekk til alle kommunane i Hordaland, og som gir generelle og temavise synspunkt på prioriteringar i arbeidet med kommunale planstrategiar m.v. I dette brevet tek fylkeskommunen opp mange tema knytt til planarbeid generelt og ber kommunane vurdere planbehova sine opp mot gjeldande planverk på fylkesnivå.

Rådmannen har drøfta innhaldet i brevet frå fylkeskommunen og meiner at dei regionale forventningane og ønskene er vorte bra integrert i samband med utarbeiding av framlegget som var på høyring. Ein ser difor ikkje grunn til å endra på planstrategidokumentet på grunn av brevet til fylkeskommunen.

Brev frå Statens Vegvesen av 12.04.2016, som peikar på at Masfjorden kommune er ein langstrakt kommune der kommunikasjon og infrastruktur står sentralt. I denne samanheng meiner etaten at infrastrukturen og kvaliteten på mellom anna fylkesveg 570 er av avgjerande betydning, og det vert spesielt peikt på planarbeidet som er gjort mellom Einestrand og Kvinge. Statens Vegvesen meiner vidare at det er viktig at ein utviklar gode buområde der ein alt har konsentrasjon av bustader, og som er knytt opp mot offentleg tenesteyting og anna viktig infrastruktur. Det vert peikt på at den typen busetting vil leggja til rette for miljøvenleg transport

til skule, fritid m.v.

Til slutt viser Statens Vegvesen til 0-visjonen om trafikktryggleik, og at det i nokre tilfelle vil vera naudsynt med rekkjefølgjekrav for å sikre trygg ferdsle både for bilar og mjuke trafikantar.

Rådmannen har drøfta innhaldet i brevet frå Statens Vegvesen og meiner at deira råd og ønskjer er vorte bra vurdert i samband med utarbeiding av framlegget som var på høyring. Ein ser difor ikkje grunn til å endra på planstrategidokumentet på grunn av dette brevet.

Brev frå NVE av 10.05.2016, som skriv at dei ikkje har merknader til framlegget til planstrategi.

Rådmannen tek dette til orientering.

Brev frå Direktoratet for mineralforvaltning dagsett 11.05.2016, som skriv at det ikkje er gjort noko grundig vurdering knytt til ressursituasjonen eller behovet for mineralske ressursar i gjeldande arealdel til kommuneplanen. Det vert vist til nasjonale forventningar om å sikra tilgjenge til gode mineralreservar for mogeleg utvinning, og at behovet for og tilgangen til byggeråstoff må setjast i ein regional samanheng. Det vert vidare vist til oversikt over registrerte grusførekomstar i Masfjorden kommune gjort av Noregs geologiske undersøking (NGU), og som vert vurdert til å vera lokalt viktige. Direktoratet meiner at slike og andre typar mineralressursar må fangast opp i arbeidet med ny arealdel i kommunen, og oppmodar kommunen vidare til å støtta opp under Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med komande areal-, natur- og kulturminneplan, som mellom anna skal omhandla mineralske ressursar.

Rådmannen tek brevet frå Direktoratet til etterretning, og meiner at det som gjeld mineralressursar mellom anna må drøftast nærmare i samband med utarbeiding av planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel. Ein ser difor ikkje grunn til å endra på planstrategidokumentet på grunn av dette brevet.

I tillegg til desse merknadane vil rådmannen vise til at planstrategien er vorte drøfta i eldrerådet og i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i møter den 07.04.2016. Det ligg ikkje føre noko framlegg eller uttale til planstrategidokumentet frå desse to råda.

Vurdering

Rådmannen meiner at framlegget til planstrategi som no har vore på høyring ikkje treng endrast på bakgrunn av dei innkomne merknadane. Dokumentet tilfredstillar etter mi vurdering PBL § 10-1, som både handlar om plikt til å vedta ein kommunal planstrategi seinast eitt år etter at det nye kommunestyret er konstituert, samt at : «Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.»

Ein vil vise til at ein no har innhenta synspunkt frå statlege og regionale instansar m.fl., jf. § 10-1, 2 ledd.

Rådmannen rår med dette til at formannskapet tilrår framlegget til planstrategi i medhald av plan- og bygningslova sin § 10-1, og at saka etter ei offentleg utlegging på minimum 30 dagar, jf.

lova sitt krav gjeve i § 10-1 går vidare til kommunestyret sitt møte den 22. september.

Konklusjon

Rådmannen viser til revidert framlegg til ny planstrategi dagsett 01.06.2016, og rår til at dokumentet saman med formannskapet si tilråding til kommunestyret vert gjort offentleg i minimum 30, jf. kravet gjeve i plan- og bygningslova sin § 10-1, 2 ledd.

Formannskapet - 070/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Framlegg til planstrategi dagsett 01.06.2016 for Masfjorden kommune 2016 – 2020 vert godkjent.

Saksdokument med vedtak vert kunngjort i minimum 30 dagar, jf. plan- og bygningslova sin § 10-1, før saka går vidare til kommunestyret til endeleg handsaming.

Kommunestyret - 059/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Rådmannen gjorde framlegg om at siste setning i framlegg til vedtak vart stroken.

Framlegg til vedtak med endringa frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Framlegg til planstrategi dagsett 01.06.2016 for Masfjorden kommune 2016 – 2020 vert godkjent.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Terje Kallekleiv	FE - 141	16/442

Saknr	Utval	Type	Dato
060/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016
078/2016	Formannskapet	PS	19.09.2016

Revisjon av kommuneplanen sin arealdel - Planprogram

Vedlegg:

Journalposttittel

Planprogram_Utkast_Masfj_160909

Dato

12.09.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planprogrammet vert vedteke sendt på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 slik det ligg føre – med dei prioriterte tiltak programmet foreslår. Høyringsfrisk er 6 veker frå dato vert sendt ut.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og grunngjeving

I kommunen sin planstrategi for 2016-2020 vart det bestemt at kommunen skulle revidera arealdelen til kommuneplanen – med oppstart i 2016.09.09

Bakgrunn for initiativet ligg i at vi ser ein del utfordringar med kommuneplanen som vart vedteke i 2012 og ser behov for ein del justeringar.

Vurdering

Tema som vert diskutert er i hovudsak følgjande:

Næringsutvikling

Tilgang på bustader og bustadtomter

Utvikling av lokalmiljø

Kommunikasjon

Konklusjon

Presisering av utfordringar og forslag til tiltak ligg føre vedlagte framlegg til planprogram.

Rådmannen meiner forslaget til planprogram vil bidra til å løyse dei utfordringane som er definert – og legg difor forslager fram til politisk handsaming.

Formannskapet - 078/2016

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Plansjef Terje Kallekleiv møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Formannskapet bad om at følgjande vart innarbeidd i planprogrammet:

- havbruksnæringa må vere eit av fokusområda i rulleringa
- trafikksikringsplanen må listast som ein av underlagsplanane for rulleringa

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Planprogrammet vert vedteke sendt på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 slik det ligg føre – med dei prioriterte tiltak programmet foreslår. Høyringsfrist er 6 veker frå dato vert sendt ut.

Kommunestyret - 060/2016

KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Plansjef Terje Kallekleiv møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Planprogrammet vert vedteke sendt på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 slik det ligg føre – med dei prioriterte tiltak programmet foreslår. Høyringsfrist er 6 veker frå dato vert sendt ut.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - C11, FE - 144	15/914

Saknr	Utval	Type	Dato
079/2016	Formannskapet	PS	19.09.2016
061/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Arbeidsgruppe for rehabilitering av friidrettsbana på Sentralidrettsanlegget, Hosteland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida med rehabilitering og ferdiggjering av friidrettsanlegget på Hosteland. Frå Masfjorden kommune møter ein person oppnemnd av rådmannen og ein vald av formannskapet. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Risnes idrettslag, Masfjord fotballag, Idrettsrådet og Nordbygda skule oppnemner innan 1. oktober kvar ein representant til arbeidsgruppa.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Risnes idrettslag har i brev av bede om at det vert sett ned ei arbeidsgruppe til å arbeida med rehabilitering og ferdigstilling av sentralidrettsanlegget på Hosteland. Det er særleg tilhøva for friidrett dei meiner det må gjerast noko med.

Fakta/ Vurdering

I den vedtekne handlingsplanen for idrettsanlegg for året 2016 står kunstdekke på løpebana på Hosteland som nr 4. Dei anlegga som har høgare prioritet, er anlegg som alt er utført og søkt om spelemidlar til. Det er difor løpebana på Hosteland som står for tur når det gjeld planlegging. Samstundes er det slik at arbeidet med ny kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet skal ta til i haust. Rådmannen meiner at desse to sakene heng i hop. Sjølv om det berre er løpebana som er inne på prioriteringslista, meiner rådmannen det er viktig å sjå på alt som har med tilhøva for friidrett å gjera når ein fyrst skal i gang. Det er viktig at dei lag og institusjonar som nyttar bana, er med i arbeidsgruppa saman med representantar frå kommunen.

Konklusjon

Det vert sett ned ei breitt samansett arbeidsgruppe som skal sjå på rehabilitering og ferdiggjering av friidrettsanlegget på Hosteland. Representantar frå Masfjorden kommune, Risnes idrettslag, Masfjord fotballag, Idrettsrådet og Nordbygda skule blir med i gruppa saman med representant frå Utval for personar med nedsett funksjonsnivå.

Formannskapet - 079/2016

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Ordfører gjorde framlegg om at Lene Hansen Kvamsdal vert vald som formannskapet sin representant i arbeidsgruppa.

Rådmannen sin representant får i oppdrag at arbeidsgruppa konstituerer seg.

Framlegg til vedtak med formannskapet sin representant i arbeidsgruppa vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida med rehabilitering og ferdiggjering av friidrettsanlegget på Hosteland. Frå Masfjorden kommune møter ein person oppnemnd av rådmannen og ein vald av formannskapet. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Risnes idrettslag, Masfjord fotballag, Idrettsrådet og Nordbygda skule oppnemner innan 1. oktober kvar ein representant til arbeidsgruppa.

Lene Hansen Kvamsdal vert valgt som formannskapet sin representant i arbeidsgruppa.

Kommunestyret - 061/2016

KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida med rehabilitering og ferdiggjering av friidrettsanlegget på Hosteland. Frå Masfjorden kommune møter ein person oppnemnd av rådmannen og ein vald av formannskapet. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Risnes idrettslag, Masfjord fotballag, Idrettsrådet og Nordbygda skule oppnemner innan 1. oktober kvar ein representant til arbeidsgruppa.

Lene Hansen Kvamsdal vert valgt som formannskapet sin representant i arbeidsgruppa.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - N06	16/630

Saknr	Utval	Type	Dato
080/2016	Formannskapet	PS	19.09.2016
062/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Skuleskyss for elevar frå Rekneset

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at alle elevane frå Rekneset har rett på fri skuleskyss då strekninga mellom heim og skule vert vurdert som særleg farleg skuleveg.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Skyss har sendt melding til Nordbygda skule om at tre elevar i Rekneset ikkje lenger vil få busskort. Grunnen er at avstanden mellom heimen og skulen er kortare enn 4 km. Foreldra har klaga på vedtaket, og Skyss sender saka attende til kommunen til avgjerd.

Fakta

Skyss har kontrollmålt avstanden mellom Rekneset og Nordbygda skule til å vera 3902 m. Grensa for å få gratis skyss er 4 km for elevar i 2. klasse og over, 2 km for fyrsteklassingar. Skyssreglementet slær fast at «avstandsgrensa på 2000 m og 4000 m er absolutt». For at elevane det her gjeld skal få busskort, må kommunen difor gjera vedtak om at dei har rett til skyss pga særleg farleg skuleveg. Det er då kommunen som må betala skyssen. (Opplæringslova §13-4)

Vurdering

Elevane det her gjeld, må bruka Masfjordvegen og fv 570 som skuleveg. Denne strekninga har heile tida vore vurdert som særleg farleg skuleveg, pga trafikkmengda og at det manglar lys og gangveg. Rådmannen er ikkje kjend med at det nokon gong har vore stilt spørsmål med denne ordninga. I 2011 hadde Skyss kontrollmålt lengda på skulevegen for elevar frå Duesund og Skjelsundet. Der òg var det elevar med kortare veg enn 4 km, og kommunestyret gjorde vedtak om skuleskyss for desse.

Konklusjon

Kommunen vurderer det slik at skulevegen for borna i Rekneset er å sjå på som særleg farleg skuleveg og at elevane det gjeld, framleis må få følgja skulebussen til og frå skulen.

Formannskapet - 080/2016

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner at alle elevane frå Rekneset har rett på fri skuleskyss då strekninga mellom heim og skule vert vurdert som særleg farleg skuleveg.

Kommunestyret - 062/2016

KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner at alle elevane frå Rekneset har rett på fri skuleskyss då strekninga mellom heim og skule vert vurdert som særleg farleg skuleveg.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE - 033	16/694

Saknr	Utval	Type	Dato
081/2016	Formannskapet	PS	19.09.2016
063/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Val av forliksrådsmedlemmer - felles forliksråd i kommunane Masfjorden og Gulen

Vedlegg:

Journalposttittel

	Dato
Felles forliksråd i kommunane Gulen og Masfjorden (L)(201522)(1)	06.09.2016
Felles forliksråd innenfor samme domssokn (L)(195120)	06.09.2016
Eventuelt felles forliksråd i Gulen og Masfjorden. (L)(200623)	06.09.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alternativ A:

1. Masfjorden kommune skal ha eige forliksråd også for perioden 2017 – 20.
2. Desse vert valde som medlemmer og varamedlemmer:

Medlem:

Bente Håvåg

Harry Daae

Stian Søyvik

Varamedlem:

Olav Hjartholm

Wenke Fredheim Ekren

Anita Solheim

3. Kommunestyret vel _____ til leiar i forliksrådet.
4. Rekkefølga for varamedlemmene vert:

1.

2.

3.

Alternativ B:

1. **Masfjorden og Gulen kommunar skal ha felles forliksråd for perioden 2017 – 20.**

2. **Kommunestyret i Masfjorden vel eit fast medlem og eit varamedlem**

Kommunestyret i Gulen vel to faste medlemmer – ei kvinne og ein mann, og to varamedlemmer – ei kvinne og ein mann.

3. **Ordførarane får delegert fullmakt til å peike ut ein av medlemmene som leiar og å avgjere rekkefølga på varamedlemmene.**

4. **Masfjorden kommune vel desse medlemmene / varamedlemmene for perioden 01.01.17 – 31.12.20:**

- medlem
- varamedlem

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Politirådet drøfta mogeleg samanslåing av forliksråda i Masfjorden og Gulen på møte den 29.03.16. Referat frå dette møte vart lagt fram som referatsak i formannskapsmøte 14.06.16 der ein vart samde om følgjande:

Rådmannen vert beden om å kontakte Gulen kommune for drøftingar med formål å opprette eit felles forliksråd for kommunane Masfjorden og Gulen og ha klar ei sak til septembermøtet.

Oppretting av forliksråd og val av medlemmer til rådet, er heimla i Domstolova § 27. Utdrag frå paragrafen:

Forliksrådet skal ha tre medlemmer og like mange varamedlemmer. Blant medlemmene og blant varamedlemmene skal det være både kvinner og menn. Varamedlemmene tilkalles i den rekkefølge oppnevningen viser.[...] Kommunestyret velger et av medlemmene til formann.

[...]

I lensmannsdistrikter er lensmannen sekretariat for forliksrådet.

[...]

Kommuner som har samme sekretariat for forliksrådet og dessuten ligger i samme domssogn, kan med tilslutning av minst 2/3 av hvert av kommunestyrenes medlemmer beslutte å ha felles forliksråd dersom kommunene samtidig er enige om hvor mange medlemmer og varamedlemmer hver kommune skal velge, og om hvordan det skal sikres at det blant både medlemmene og varamedlemmene er både kvinner og menn. [...]

Formålet med forliksråd er å avlaste resten av rettsapparatet med enkle, sivile saker. Oppgavene er i hovudsak regulert av Tvistelova. Forliksrådet kan opptre både som meklingsinstans og som domstol.

Lensmannen er sekretariat for forliksråda i Gulen, Masfjorden og Solund. Samla tal saker pr år dei 3 siste åra har vore ca 40.

Fakta

Gulen kommunestyre har gjort slik vedtak i sak 034/16 den 19.08.16:

1. *Gulen og Masfjorden skal ha felles forliksråd frå 01.01.2017.*
2. *Kommunestyret i Gulen vel 2 medlemmer – 1 kvinne og 10 mann, og to varamedlemmer – 1 kvinne og 1 mann.*

Kommunestyret i Masfjorden vel 1 medlem og 1 vara.

3. *Ordførarane får delegert fullmakt til å peike ut ein av medlemmene som leiar, og å avgjere rekkefølje på varamedlemmene.*
4. *Gulen kommune vel desse som medlemmer for perioden 01.01.17-31.12.20:*

Kvinne: Bodil Bjørlo Takle

Mann: Oddbjørn Opdal

Varamedlemmer:

Kvinne: Arnhild Kjellevold

Mann: Ingolf Wergeland

Vurdering

Masfjorden forliksråd for perioden 01.01.13 – 31.12.16 er sett saman slik:

Medlemmer:

Terje Myrvang, leiar

Bernhard Krokås

Liv Oda Dale

Varamedlemmer:

1. Gerd Allis Håheim
2. Wenke Fredheim Ekren
3. Frode Haugsvær

Valnemnda har innstilt følgjande personar til Masfjorden forliksråd for perioden 01.01.17 – 31.12.20:
(det er kommunestyret sjølv som skal velje leiar og rekkefølgja på varamedlemmene)

Medlemmer:

Bente Håvåg

Harry Daae

Stian Sjøvik

Varamedlemmer:

Olav Hjartholm

Wenke Fredheim Ekren

Anita Solheim

Masfjorden og Gulen kommunar har same sekretariat for forliksråda, og begge kommunane høyrer til Nordhordland tingrett sitt område (domssokn). Lova sin føresetnad for å opprette felles forliksråd er såleis stetta.

Ingen av noverande medlemmer, og berre eit av varamedlemmene er innstilt frå valnemnda til forliksråd for komande periode viss Masfjorden skal ha eige forliksråd. Det er usikkert kven av dei innstilte kandidatane som ønskjer å gå inn i eit samanslått forliksråd.

Kommunestyret må vurdere om samanslåing er ein føremun for innbyggjarane våre.

Argument som kan tale for samanslåing:

- Det kan frigi ressursar for det lokale lensmannskontoret til andre oppgåver.
- Det kan gje forliksrådet breiare utval av saker.
- Det kan verte enklare å unngå for nær kontakt mellom partar og forliksrådsmedlemmer.

Argument som kan tale mot samanslåing:

- Vi kan misse fordelene med lokalkunnskap som kan betyr mykje for å finne gode løysingar.
- Fleire saker kan medføre at det må brukast kortare tid på kvar sak, med større sjanse for at saka går vidare til neste rettsinstans.

Sjølv med samanslåing, vil tal saker vere lite. Lensmannen meiner tal møter / saker tilseier at det ikkje er behov for eige forliksråd i begge kommunane.

Avgjerd om samanslåing må ha 2/3 fleirtal i kommunestyra både i Masfjorden og Gulen. Vedtaket må og seie noko om korleis medlemmene skal veljast og kven som skal peike ut leiar.

Lensmannen har tilrådd at eit felles forliksråd skal ha to faste medlemmer frå Gulen og eit fast medlem frå Masfjorden. Ut frå folketal og tal saker, meiner rådmannen dette er ei rimeleg fordeling av medlemmer. Det bør difor og veljast to varamedlemmer frå Gulen og eit varamedlem frå Masfjorden.

Sidan leiar ofte møter åleine i enkle saker, må personlege kvalifikasjonar vektleggast. Alle tre medlemmer bør vere utpeika, før leiarvalet vert avgjort. Ordførarane kan få delegert mynde til å peike ut leiar mellom medlemmene kommunestyra har vald.

Liste over varamedlemmer skal setjast opp i nummerert rekkefølge. For best mogeleg å sikre at både menn og kvinner møter, bør nr 1 på varamannslista vere det kjønn som berre har eit fast medlem. Begge kommunane må ha peika ut sine representantar før ein veit kva kjønn dette er. Ordførarane kan få delegert mynde til å setje opp nummerert rekkefølge på varamedlemmene.

Konklusjon

Rådmannen tek ikkje stilling til om Gulen og Masfjorden forliksråd skal slåast saman.

Dersom kommunestyret vedtek å ha framleis ha eige forliksråd, vert innstillinga frå valnemnda følgt.

Dersom kommunestyret vedtek å ha felles forliksråd er det rimeleg at Masfjorden får eit fast medlem og eit varamedlem. Valnemnda må føreslå kandidatar.

Formannskapet - 081/2016

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Ordfører fremma Alternativ B som framlegg til vedtak frå formannskapet.

Formannskapet samla seg om å velje Bente Håvåg som medlem og Harry Daae som varamedlem.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

1. **Masfjorden og Gulen kommunar skal ha felles forliksråd for perioden 2017 – 20.**
2. **Kommunestyret i Masfjorden vel eit fast medlem og eit varamedlem**

Kommunestyret i Gulen vel to faste medlemmer – ei kvinne og ein mann, og to varamedlemmer – ei kvinne og ein mann.
3. **Ordførarane får delegert fullmakt til å peike ut ein av medlemmene som leiar og å avgjere rekkefølga på varamedlemmene.**
4. **Masfjorden kommune vel desse medlemmene / varamedlemmene for perioden 01.01.17 – 31.12.20:**
 - **Bente Håvåg; medlem**
 - **Harry Daae, varamedlem**

Kommunestyret - 063/2016

KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Ragnvald Tangedal (Ap) la fram følgjande endringsforslag:

Liv Oda Dale vert valgt som medlem og Bente Håvåg vert valgt som varamedlem til felles forliksråd for kommunane Masfjorden og Gulen.

Janne Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) opprettheld formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Røysting:

Det vart røysta punkt for punkt:

punkt 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

punkt 4 i framlegg frå formannskapet og framlegget frå Ap vart røysta opp mot kvarandre.

Framlegg til punkt 4 frå Ap vart vedteke mot 4 røyster (Frp, Sp og 1 frå H (Wenche Fredheim Ekren)).

KS - vedtak:

1. **Masfjorden og Gulen kommunar skal ha felles forliksråd for perioden 2017 – 20.**
2. **Kommunestyret i Masfjorden vel eit fast medlem og eit varamedlem**

Kommunestyret i Gulen vel to faste medlemmer – ei kvinne og ein mann, og to varamedlemmer – ei kvinne og ein mann.
3. **Ordførarane får delegert fullmakt til å peike ut ein av medlemmene som leiar og å avgjere rekkefølga på varamedlemmene.**
4. **Masfjorden kommune vel desse medlemmene / varamedlemmene for perioden 01.01.17 – 31.12.20:**
 - **Liv Oda Dale, medlem**
 - **Bente Håvåg, varamedlem**

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE - 033, FA - X43	16/711

Saknr	Utval	Type	Dato
082/2016	Formannskapet	PS	19.09.2016
064/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17 - 31.12..20

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Desse vert valt til møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17 – 31.12.20:

- Ragnvald Tangedal
- Tone Asmussen Daae
- Laila Furebotn

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I § 3 i Forskrift til tvisteloven (tvistelovforskriften) står det:

Ved hvert forliksråd skal det være et utval av faste møtefullmektiger for forliksrådet. Medlemmene av utvalget oppnevnes av kommunen for inntil fire år av gangen. Antall medlemmer i utvalget må tilpasses saksmengen i forliksrådet og kommunens innbyggertall. Som et minimum skal det være 3 medlemmer i utvalget. [...]

Som fast møtefullmektig kan oppnevnes enhver person som er over 25 år med alminnelig god samfunnsmessig kunnskap og som godt behersker skriftlig og muntlig norsk språk. Medlemmene i utvalget skal i forbindelse med oppnevningen gjøres kjent med at de i den enkelte sak skal være uavhengig av andre interesser enn partens, slik at deres handlinger ikke påvirkes av uvedkommende hensyn, herunder egne interesser.

Fakta

Masfjorden kommunestyre gjorde slikt vedtak som sak 011/12 den 21.02.2012:

Desse vert valt til møtefullmektigar i forliksrådet for valbolken 2012 – 2016:

- Bente Håvåg, 5983 Haugsvær
- Otto Kvingedal, 5981 Masfjordnes
- Ragnvald Tangedal, 5986 Hosteland

Valnemnda har sendt inn følgjande innstilling til møtefullmektige til forliksrådet for komande periode:

- Ragnvald Tangedal
- Tone Asmussen Daae
- Laila Furebotn

Vurdering

Det vert no valt forliksråd for komande periode og det må då og veljast møtefullmektige. Det er naturleg å velje tre medlemmer i dette utvalet slik det vart gjort i sist periode.

Møtefullmektige er ikkje medlem av forliksrådet, men skal kunne bli kontakta og bistå ein part (med fullmakt frå parten) som har ei sak til handsaming i forliksrådet. Godtgjering som møtefullmektig i ei sak vert dekkja av den parten som møtefullmektigen representerer.

Lova sitt krav om at møtefullmektige skal gjerast kjent med at «... de i den enkelte sak skal være uavhengig av andre interesser enn partens, ...» vert stetta gjennom utsending av vedtak til dei som vert valt.

Konklusjon

Formannskapet - 082/2016

FS - behandling:

Ordførar orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Desse vert valt til møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17 – 31.12.20:

- Ragnvald Tangedal
- Tone Asmussen Daae
- Laila Furebotn

Kommunestyret - 064/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Desse vert valt til møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17 – 31.12.20:

- **Ragnvald Tangedal**
- **Tone Asmussen Daae**
- **Laila Furebotn**

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FE - 460	16/337

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2016	Administrasjonsutvalet	PS	19.09.2016
084/2016	Formannskapet	PS	19.09.2016
004/2016	Arbeidsmiljøutvalet	PS	26.09.2016
065/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Personalreglement med høyringsuttale

Vedlegg:

Journalposttittel

Dato

Innspel nytt pesonalreglement frå Nordbygda barnehage	01.06.2016
Uttale til nytt personalreglement	31.05.2016
Innspel til nytt personalreglement	31.05.2016
2016_05_31 innspel til nytt personalreglement	31.05.2016
Tilbakemeld på nytt utkast personlareglement	31.05.2016
Høyring personalreglemang	01.06.2016
Personalreglement	02.06.2016
Personalreglement	06.06.2016
Personalreglementet	07.06.2016
Personalreglement	12.09.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Personalreglementet blir vedteke slik det ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune sitt permisjonsreglement vart vedteke av kommunestyret 19.juni 2008. Mindre endringa av personalreglementet vart gjort av adm.utvalet 1. desember 2015, og revideringa tok sikte på å kvalitetssikre at henvisning til lover og reglar vart oppdatert. Vedteke personalreglement er eit godt utgangspunkt for revideringa, men administrasjonen ser at det på nokre områder bør konkretiserast med omsyn til forståelsen av reglementet. Personalreglementet bør vere utforma slik at tilsette og leiarar med personalansvar har eit godt hjelpemiddel i personalsakar. Personalkontoret opplever at personalreglementet vert praktisert ulikt på avdelingane, og særskild der det er snakk om utøving av skjøn.

Ved revidering av personalreglementet hausten 2015 kom det innspel frå Utdanningsforbundet med to punkter i reglementet:

1. Markeringar for tilsette. Beløpa er ikkje justerte sidan 2007. Bør regulerast ut frå prisauke.
2. Fagstipend. Viser til reglement for fagstipend vedteke i 1997. Behov for revisjon av dette reglementet.

Forslag til nytt personalreglementet for Masfjorden kommune vart drøfta i administrasjonsutvalet den 19.04.2016, der det vart gjort fylgjande vedtak i sak 003/2016; **Administrasjonsutvalet legg framlegg til personalreglement ut på høyring til tillitsvalde og tilsette. Høyringsfrist vert 1. juni 2016.**

Etter høyringsrunde har personalreglementet vore drøfta på HTV møte den 01.09.16. Det var ikkje noko merknader får HTV på dette møte.

Høyring

Høyringsuttale ligg som vedlegg til saka og er komme inn frå:

Fagforbundet
Utdanningsforbundet
Nordbygda barnehage
Indre Masfjorden barnehage
Heimetenestene Indrefjorden
Liv Oda Dale
Ottar Myrvang
Gunnar Molland

Høyringsinnspel frå ulike einingar, og enkeltpersonar blir dekkja av høyringsuttale til fagforbundet og utdanningsforbundet. I utgangspunktet er det organisasjonane som er høyringspart til personalreglementet. I den grad innspela til partane er lik, frå utdanningsforbundet eller fagforbundet, er det desse uttalane arbeidsgjevar tar med i saksutgreiinga. Alle uttalane blir lagt med som vedlegg til saka.

Saksvurdering og konklusjon

Framlegg til nytt permisjonsreglement ligg ved saka. Prinsippet bak reglementet er uendra: Grunnlaget for forholdet mellom kommunen som arbeidsgivar og den enkelte medarbeidar er den personlege arbeidsavtalen. Arbeidsavtalen vert regulert av lovverket og tariffavtalane mellom partane i arbeidslivet. Arbeidsavtalen er ein kontrakt mellom kommunen og den enkelte medarbeidar om at medarbeidaren stiller sin arbeidskraft (tid og kompetanse) til disposisjon for arbeidsgivar i avtalt arbeidstid – der løn er motyting for dette arbeidet.

I somme høve har medarbeidaren behov for å få fritak frå arbeidspliktene dei har bunde seg til gjennom arbeidsavtalen. I dei tilfella der myndigheitene har meint at det er viktig at arbeidstakarane får fritak frå arbeidsplikta er retten til fri lovfesta; i somme høve fri med løn, i andre tilfelle fri utan løn. I andre tilfelle har arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonane avtalt ytterlegare rett til permisjon. Det framlagte permisjonsreglementet er bygd på dette lov og avtaleverket.

Lover og tariffavtalar dekker ikkje alle behov for fri. Arbeidsgjevar har derfor behov for retningslinjer for korleis søknad om fri frå arbeidet skal vurderast i dei tilfella der lov og avtaleverk ikkje gjer rett til

permisjon. Permisjonsreglementet har dermed funksjon som:

- fullmakt som viser den administrative delegeringa i personalsaker kring permisjonar/ fri frå arbeidsplikta.
- Oversikt over lov- og avtalefesta rettar til permisjon; med og utan løn.
- Rettleiing for vurdering av permisjonar der lov- og avtaleverk ikkje har gjeve rett til permisjon, med sikte på mest mogeleg lik praksis i heile organisasjonen.

Dei største endringane innhaldet i framlegg til permisjonsreglement når det gjeld rett til permisjon med løn er:

- § 4.5: i denne delen er det gjort ei presisering i kva tilfelle ein får permisjon med løn.
- § 4.5.4: Er ei klårare presisering i høve tidlegare praksis i kommunen. Endringa i personalreglemente er for å sikre at tilsette i Masfjorden kommune får like rettar i høve permisjon, og at leiarar får eit godt styringsverktøy når det gjeld permisjonsreglar i kommunen.

I det «gamle» personalreglement har det ikkje vore klart definert og presisert korleis ein skal tolke permisjon til blant anna legespesialist, og av den grunn har det utvikla seg ulike praksis i dei ulike avdelingane/ tenestene. Det har heile tida vore presisert at permisjonsføremålet til velferdspermisjonar så langt som mogleg skal leggast til fritid. I det «gamle» personalreglementet står det;

«I § 4.2. For deltidstilsette skal talet på permisjonsdagar med løn reduserast høvesvis etter storleiken på stillinga. Deltidstilsette kan få permisjon utan løn tilsvarande arbeidstakarar i full stilling. Når det gjeld velferdspermisjonar er det er ein føresetnad at det er vurdert og forsøkt å utføre permisjonsføremålet på ein arbeidsfri dag.»

I enkelte avdelingar er det lettare å gi permisjon med løn på grunn av arbeidets art, fordi ein ikkje treng å sette inn vikar. I andre avdelingar er det heilt umogleg å gi permisjon utan at ein må sette inn vikar. Det vil sei at i enkelte avdelingar må deltidstilsette legge legetime til fridagar eller prøve å bytte dag, mens i andre avdelingar får deltidstilsett permisjon med løn på arbeidsdag. For arbeidsgjevar er det viktig å gjennomføre ein så lik personalpolitikk som mogleg.

Hovudregelen for undersøking mm hos legespesialistar/ andrelinjeteneste som krev lang reise er at det framleis er ein føresetnad at det er forsøkt å legge permisjonsføremålet på ein arbeidsfri dag. Administrasjonen tilrår likevel at det vert gjeve permisjon med løn for kontroll mm hos legespesialist/andrelinjeteneste for dei som jobbar meir enn 80% stilling. Dei som jobbar 80% eller mindre vil i større grad ha høve til å bytte arbeidsdagar, ha rom for å jobbe inn den tapte tida på fridagar osv. I tillegg er det gjeve utvida rettar for permisjon i samband med screeningprogram. Dette gjeld også ved innkalling til nasjonale screeningprogram (til dømes mammografi), men då avgrensa til 1 dag kvart andre år.

Dei største endringane i framlegg til permisjonsreglement når det gjeld rett til permisjon utan løn er:

- § 4.6: i denne delen er det gjort ei presisering i kva tilfelle ein får permisjon utan løn.
- § 4.6.1: Er ei klårare presisering i høve tidlegare praksis i Masfjorden kommune, på kva som er velferdspermisjon utan løn.

Denne endringa er ei innskjerping av dagens praksis. Grunnen til at administrasjonen ynskjer ein strengare praksis på dette området, er at dagens praksis har ført til at permisjon med løn til slike

velferdsfremål er blitt oppfatta som ein automatisk rett. Administrasjonen ser det som viktig at kommunen har ein arbeidsgjevar politikk, som gir like reglar for alle tilsette. I det «gamle» personalreglementet står det i § 4 andre avsnitt;

«*Permisjonsreglane må ikkje oppfattast som automatiske rettar. Det vil skje ei vurdering av*

- *rettar etter lover, avtaleverk og personalreglementet*
- *individuell høve hjå arbeidstakaren*
- *konsekvensar for drift og service ved fråvær.»*

Når permisjonsrettar har utvikla seg til å bli ein automatisk rett, er det vanskeleg for arbeidsgjevar å innskrenke denne utan at det blir like prinsipp som gjeld for alle tilsette. I fleire avdelingar får permisjon til tannlege, lege, kiropraktor m.m. stor konsekvens for drifta og servicen, og ein må sette inn vikar. I enkelte avdelingar er det svært vanskeleg å tak i vikar. Ein permisjonspraksis som har utvikla seg til å bli automatiske rettar, medfører også økonomiske konsekvensar når ein må sette inn vikar ved fråvær. I dei avdelingane som kan klare seg utan vikar, er det kanskje oppgåver som må utsettast og av den grunn påverkar tenestene og servicen frå kommunen.

Masfjorden kommune er ein arbeidsgjevarorganisasjon, og må av den grunn utarbeide eit personalreglement som gir like rettar til dei tilsette, uavhengig kvar ein arbeidar. Eit personalreglement som er lite presisert og legg opp til mykje skjønsvurderingar slik som det «gamle», fører til svært ulik praksis og kan medføre konflikt mellom dei tilsette sine ynskjer og drifta sitt behov.

Administrasjonen ser det som viktig at kommunen har ein arbeidsgjevar politikk, som gir like reglar for alle tilsette.

Etter at permisjonsreglementet har vore på høyring, er fylgjande innspel tatt til følgje og endra i personalreglementet:

- § 3. 4: Etter innspel frå fagforbundet blir siste linje i dette avsnittet endra til;

Etter reglane i HTA skal ikkje arbeidstakar levere eigenmelding når ein først har møtt på jobb og må forlate arbeidet grunna sjukdom.

§ 4.5 Dødsfall og gravferd

Etter innspel får fagforbundet og utdaningsforbundet blir teksten endra til:

1. Ordet svigerforeldre blir tatt med i teksten omkring kven som reknast for nære pårørande.
2. Ved dødsfall og gravferd i nærmaste familie kan det gjevast permisjon med løn inntil 2 dagar, og ved lang reiseveg kan det gjevast 1 ekstra dag permisjon med løn
3. Nattevakt har same rettar som andre, og denne delen blir tatt ut.

• § 4.5.8 Andre særskilte velferdspermisjonar

Etter innspel frå fagforbundet og utdanningsforbundet vert denne endra til;

Til særlege velferdsfremål kan det etter ei konkret vurdering gjevast permisjon med løn. Føremålet med betalte velferdspermisjonar er at Masfjorden kommune vil kunne ivareta arbeidstakaren i

krevjande. Permisjonen kan innvilgast i ettertid og skal avgjerast av rådmannen.

§ 4.5.5 Andre velferdspermisjonar med/ utan løn

Fagforbundet ynskjer å endre denne og seier i sin uttale; «*Dette er ei kraftig forverring i forhold til godar for tilsette. For av dei som har 100 % stilling, og denne liqg til fast arbeidstid frå 0800 – 1530, så seier det seg sjølv at alt av legebesøk, tannlegebesøk, fysioterapi m.m vil bli timar utan løn – evt. avspasering. Dette er ein personalpolitikk me ikkje har forståing for. Dette vil i beste fall føre til at tilsette vil «ta ut» fleire eigenmeldingsdaagar – heile daagar – som vil gje eit større tap for arbeidsgjevar enn dei timane ein lege/tannlegetime tek. Neste steg kan vere sjukmeldingar som fylgje av at ein ikkje føler ein har råd til førebyggjande behandling. Og det vil gå veldig utover dei som har helse problemar. Så me ønskjer fri m/lønn til fysioterapeut, kiropraktor, lege, tannlege og psykolog.*

*Stiller spørsmål om den går på tvers av IA-avtalen??»

Utdanningsforbundet ynskjer å endre denne, og seier i sin uttale; «*Lege, tannlege, fysioterapeut, kiropraktor og tilpassing av hjelpemidlar skal om mogleg leggast til fritida, eller bruke avspasering / byte av vakt for dei med under 80% stilling.*

For dei med 80% stilling og meir som jobbar kvar veke dag skal ein prøve å få undersøking på ein tid som ikkje belastar arbeidsgivar for mykje.»

Vurdering: Arbeidsgjevar forstår at det kan vere utfordrande for tilsette i 100% stilling å organisere time på til lege, tannlege m.m. på fritid. På bakgrunn av dette har ein vurdert at Framlegget til utdanningsforbundet blir tatt med og § 4.6 blir flytta inn under permisjon med løn § 4.5.5 og endra til;

§4.5.5 Lege, tannlege, fysioterapeut, kiropraktor og tilpassing av hjelpemidlar

Time til lege, tannlege, fysioterapeut, kiropraktor og tilpassing av hjelpemidlar skal om mogleg leggast til fritida, eller bruke avspasering / byte av vakt for dei med under 80% stilling.

For dei med 80% stilling og meir som arbeidar kvar veke dag, kan ein få permisjon med løn. Arbeidstakar skal prøve å få undersøking på ei tid som ikkje belastar arbeidsgivar for mykje.

Har ein kronisk sjukdom eller er langvarig sjuk der det krevjast mykje reising for behandling, kan pasient og lege vurdere ordninga frå NAV: «Sykemelding for enkeltstående behandlingdager.»

• § 5.4 Markering av tilsette

Fagforbundet og utdanningsforbundet har komme med fylgjande framlegg til endring:

Ved 10 års tilsette – 1500,-

Ved 25 års tilsett – 10 000,-

Ved 50 års bursdag gåve kr 500,- (næraste overordna markerar)

Ved avgang pensjonsalder gåve kr 2000,- (næraste overordna markerar)

gåve tilsvarande for 25 års tilsetting, dog avkorta etter tenestetid (xår/25).

Vurdering: Etter reglane om skattefri gåve kan ein ikkje auke alle satsane i høve markering av

tilsette. Administrasjonen har gått gjennom regelverk for skatt ved gåve og prøvd å komme med ei tilnærming til organisasjonane sitt innspel.

I permisjonreglementet blir det gjort fylgjande endring av § 5.4 Markering av tilsette:

- 10 års tilsette – gåve kr 1 000,- (næraste overordna leiar har ansvar for dette)
- Ved 25 års tilsett – gåve kr 8 000,- (rådmann har ansvar for å markere)
- Ved 50 års bursdag – gåve kr 1 000,- (næraste overordna markerar)
- Ved 60 års bursdag – gåve kr 1 000,- (næraste overordna markerar)
- Ved avgang pensjonsalder - gåve kr 3 000,- (næraste overordna markerar)

Gåva kan ikkje gjevast i form av pengar. Arbeidstakar mottok gåvekort, eller leverer kvittering for kjøp.

Før å telje år i tilsettingshøve vert det rekna med:

- Vikariat i minst 50% stilling
- Lovfesta permisjon (fødsel, omsorg, studie og liknande)
- Tilsette ved Masfjorden alders- sjukeheim, Indrefjorden barnehage, Nordbygda private barnehage og Sandnes barnehage får heile si tilsettingstid rekna med.

Permisjon for å arbeide hjå anna arbeidsgjevar tel ikkje med.

• § 5.5 Fagstipend

Etter innspel får utdanningsforbundet vert punkt 4 endra til; Stipend betalast ut når eksamen/ avslutta prøve er avlagt.

Det er gjort redaksjonelle endringar på fylgjande punkter etter høyringsrunde:

- § 3-13. Her er det trekt ut kor tid dialogmøte skal haldast, fordi dette kan endre seg fortløpande med IA avtale og reglar i høve NAV. Teksten er endra til:

«...Det vil blant anna dreie seg om oppfølgingsplan og tilrettelegging på arbeidsplass. Arbeidsgjevar skal fylgje retningslinjer frå IA avtalen og reglar får NAV i høve dialogmøte og oppfølgingsplan for sjukemeldt arbeidstakar.»

- § 4.6.3: Ved mekling i samværsaker, innkalling som vitne i rettssaker og liknande vert det ikkje gjeve permisjon med løn. Dette er private omsyn, og ligg utanfor arbeidsgjevar sitt ansvarsområde. Er det spesielle saker der tilsette blir kalla inn som vitne som fylgje av arbeidsrelaterte saker eller andre spesielle omsyn kan ein søkje rådmann om permisjon og få individuelle behandling etter § 4.6.4 Andre grunnar.
- § Pkt 5: Det vert ikkje lenger gjeve permisjon med løn for offentlege verv som t.d domsmenn, skjønsmenn og rettsvitne. Dette fordi domstolane sjølv refunderer tapt arbeidsforteneste for dei det gjeld. Viser til forskrift etter rettsgebyrlova, teksten til denne er lagt inn i dokumentet.

Høyringsuttalar som ikkje er tatt med i framlegg til nytt personalreglement er:

• § 4.1 Avgjerder i permisjonssaker

I andre setning står det; . Den som har avgjerdsmynde skal gje skriftleg svar snarast og seinast innan

4 veker.

Utdanningsforbundet har framlegg til endring; Den som har avgjerdsmynde skal gje skriftleg svar snarast og seinast innan 14 dagar.

Vurdering: Det er ynskjeleg og eit mål for administrasjonen at ein skal få svar innan 14 dagar. Grunnen til at tidsfristen er sett til 4 veker er for at ein i dei ulike tenesteområder skal kunne få tid til å organisere fråvær, i tillegg til at ein må ha tid til å vurdere saker som evt. må avgjerast på eit høgare nivå, saker av prinsipiell karakter. **Blir ikkje endra.**

• § 4 Permisjonsreglement

I tredje siste avsnitt står det; «Det skal gjerast ei konkret vurdering om innvilga permisjon vil vere til fordel eller ulempe for kvaliteten på drift og tenesteyting. *Ein slik vurdering kan føre til ulik handsaming av søknadar utan at dette er sjølvstending ankegrunnlag.*»

Fagforbundet har gitt innspel på at dei er sterkt imot siste setninga, og ynskjer denne sletta.

Vurdering: I dette avsnittet er det å merke seg at det står « ...utan at det er sjølvstendig ankegrunnlag». Dette avsnittet må sjåast i samanheng med det som står under. Det kan vere at ein tilsett får permisjon, men det er ikkje gitt at permisjonen er med løn, det kan vere med delvis løn, trekk i løn m.m. Det vil sei at det er arbeidsgjevar må vurdere konsekvens for drift, og at dette ikkje er eit sjølvstendig ankepunkt. I enkelte høve kan permisjonar føre til ulike handsaming, og fordi personalreglementet ikkje fangar opp alt, må ein kunne vurdere individuelt der det er naudsynt. **Blir ikkje endra .**

• § 4.3 Fagforbundet seier at dei; «Ønskjer å få tilbake der de viser til det aktuelle lovverket under kvar punkt. Til dømes 1 sjukdom – hovudtariffavtalen §8 og § 14 og folketrygdlova kapittel 8.»

Vurdering: I § 4.3 Står det lista opp ein rekke ting som er regulert i lov og avtaleverk. Vidare i permisjonsreglementet er det under dei ulike punkta vist til lovverk som regulerar t.d utdanning, amming osv. **Blir ikkje tatt med.**

• § 5.4.3 Tilvenning av barn i barnehage og første skuledag.

Fagforbundet vil endre setning om byte av barnehage; I framlegget står det inntil 2 dagar, mens fagforbundet ynskjer at det skal vere inntil 3 dagar.

Vurdering: Byte av barnehage er ikkje det same som tilvenning i barnehage. **Blir ikkje endra.**

• § 4.5.4 Undersøking, behandling og kontroll

I framlegg til personalreglement står det i siste avsnitt; «Dette gjelder også ved innkalling til nasjonale screeningprogram (til dømes mammografi), men då med avgrensa til 1 dag kvart andre år.»

Fagforbundet meiner siste linja må strykast, fordi ein etter brystkreft vert kalla inn til mammografi kvart år i 10 år.

Vurdering: Screeningprogram for blant anna brystkreft blir gjennomført nasjonalt i gitte tidsperiodar. Dette gjer det vanskeleg for tilsette å byte eller avtale ny tid for undersøkinga, difor er denne sett opp som eit eige punkt. Når det gjeld oppfølging av brystkreft, andre krefttypar og kroniske sjukdomar så er dette oppfølging som blir avtalt og gjennomført heie året uavhengig av screeningprogram, og vanleg velferdspermisjonsreglar gjeld for desse undersøkingane. **Blir ikkje**

endra.

• § 4.5.6 Bryllaup

I det «gamle» personalreglementet sto det ikkje noko om rett til fri for eige bryllaup.

Utdanningsforbundet har i høyringsuttale komme med innspel på; For eige bryllaup vert det gjeve 1 dag permisjon med løn dersom dagen er lagt til dag med ordinært arbeid/vakt. Permisjon anten bryllaupsdagen eller dagen etter.

Vurdering: Frå barnehagane er det kome innspel på at ein kan bruke feriedagar på dette. **Blir ikkje endra, og § 4.5.6 blir fjerna.**

§ 4.5.7 Husbygging

Utdanningsforbundet har i høyringsuttale komet med innspel på: For husbygging og istandsetjing av eige husvære kan det tildelast 2 dagar permisjon. Når flytting er naudsynt ved skifte av arbeidsstad hjå same arbeidsgjevar vert det tildelt 1 dag permisjon med lønn.

Vurdering: I det «gamle» personalreglementet var permisjon med flytting og husbygging tatt ut. Det har vore lite spørsmål om dette til administrasjonen i høve dette. Innspel frå barnehagane er at dette kan ein bruke feriedagar på. **Blir ikkje endra, og § 4.5.7 blir fjerna.**

§ 4.9 Permisjon for anna stilling

I høyringsuttale frå Utdanningsforbundet ynskjer dei at det skal stå; «Ved overgang til anna stilling utanfor kommunen kan det gjevast permisjon for inntil eitt år. Avgjersla er innanfor arbeidsgjevar sin styringsrett og må vurderast i forhold til behova i den enkelte eininga.»

Vurdering: I framlegg til personalreglementet står det; «Som hovudregel gjev ein ikkje permisjon utan løn for å overta ei anna stilling utanfor kommunen. Unntak kan gjerast når det er svært sannsynleg at arbeidstakaren vil vende tilbake til Masfjorden kommune, og når ei mellombels teneste hjå ein anna arbeidsgjevar vil gje ei fagleg utvikling som kjem kommunen til nytte når arbeidstakaren kjem attende. Permisjon kan også verte innvilga dersom det er svært vanskeleg å skaffe slik kompetanse att.»

Dette er i eit prinsipp Masfjorden kommune har hatt i mange år. Det er viktig å vere restriktiv med permisjonar fordi det kan gå utover kompetanse, og utfordringar med å rekruttere tilsette med rett kompetanse i kortare engasjement. **Blir ikkje endra.**

I høyringsuttalen frå utdanningsforbundet ynskjer dei at ein tilfører personalregelementet eit punkt til:

§ 4.11 Fri år : «Arbeidstakar med til saman 7 års samanhengande teneste i kommunen kan gjevast permisjon utan løn i inntil 1 år. Etter nytta fri år kan permisjon utan løn gjevast etter nye 7 år samanhengande teneste.»

Vurdering: Blir ikkje endra (lagt til).

Konklusjon

Personalreglementet blir vedteke slik det ligg føre.

Administrasjonsutvalet - 019/2016

AU - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AU - vedtak:

Personalreglementet blir vedteke slik det ligg føre.

Formannskapet - 084/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Personalreglementet blir vedteke slik det ligg føre.

Arbeidsmiljøutvalet - 004/2016

AM - behandling:

AMU leiar Karstein Totland gjekk gjennom om saka.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om at personalreglementet har vore ut på ei brei og lang høyring. Etter innspel frå tilsette/organisasjonar vart høyringsfristen forlenga.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - vedtak:

Personalreglementet blir vedteke slik det ligg føre.

Kommunestyret - 065/2016

KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Personalreglementet blir vedteke slik det ligg føre.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	16/472

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2016	Kraftfondsstyret	PS	19.09.2016
066/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Søknad om støtte gjennom kraftfondet - Sandneskafeen AS

Vedlegg:

Journalposttittel

Søknad om tilskot frå kraftfondet til kafedrift kombinert med husflid

Dato

31.05.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sandneskafeen v/ny drivar Berit Lygre får tilskot med inntil kr. 40.000 gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt som inneber vidareutvikling av tilbodet ved Sandnesskafen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om tilskot gjennom kraftfondet med kr. 60.000,- til utbetring av lokale og innkjøp av inventar og utstyr til Sandneskafeén.

Høyring

Søklar er invitert til å orientere nærare om prosjektet og planane overfor kraftfondstyret i møte den 19.sept.16., i samsvar med retningslinene til kraftfondet, §6c.

Fakta

Det er for 2016 løyvd/avsett kr. 80.000 til støtte til (nærings)prosjekt i kommunen i samsvar med vedtektene og retningslinene for kraftfondet jf kraftfondsbudsjettet 2016 (KS sak 80/15, den 28.10.2015).

Litt kring søknaden og kva prosjektet gjeld

Type verksemd

Kafedrift kombinert med husflid

Forretningsideen til føretaket/laget/foreininga

Sandneskafeen har som mål å skapa ein samlingsplass med særpreg og identitet der både bygdefolk og tilreisande kan kjøpa heimelaga mat, husflids- og handverksprodukt. Det vil også vera ulike kulturelle tilskipingar i lokalet.

Det er lagt opp til ei investering på ca. 200.000,-, og med følgjande finansiering;

Finansiering
Namn på og finansiering av prosjektet
Søknadsprosjekt
Søknad om støtte til utbetring av lokale og innkjøp av møblar og utstyr
Totale kostnader for prosjektet
201000
Finansieringsplan
Eigenkapital
131000
Eige arbeid
10000
Lån i bank
0
Tilskott frå næringsfond
60000
Har prosjektet fått tilskott frå andre?
<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Andre finansieringskjelder
Ingen
Sum finansieringsplan
201000

Kommunen har opp gjennom åra vore med å støtta fleire tiltak med kafe m.m. drift på Sandnes, dette prosjektet er ei vidareføring og utvikling.

Søknaden er i samsvar med vedtekter og retningsliner for kraftfondet, jf. § 2 og føremål med fondet og bruken av midlar, samt vedlegg og dokumentasjon som trengs.

Det er til hovudfordeling av frie midlar i kraftfondet 2016 med søknadsfrist 15.06.16 berre komme ein søknad.

Vurdering

Søknaden frå Sandneskafeen er i tråd med vedtektene og retningslinene for kraftfondet. Tiltaket og tilbodet vil styrke lokalsamfunnet på Sandnes, og har eit potensial og forretningside som ein trur vil vere positivt for kommunen samla sett. Kommunen har vore inne med støtte ved tidlegare etableringa og drift, og i regi av noverande selskap. Drivar er ny. Fondet kan berre vere med på finansiering av tiltak som inneber investering og varige driftsmidlar, og normalt ikkje over 25% av kapitaltrongen. I dette tilfelle meiner ein at det rettaste er å sjå på dette tiltaket som produktutvikling og legge til grunn støtte knytt til bedriftsutvikling – støtte/tilskot med inntil kr. 40.000,- gjennom kraftfondet.

Konklusjon

Det vert gitt tilskot til vidareutvikling av tilbod ved Sandnesskafen v/ny drivar Berit Lygre med inntil kr. 40.000 gjennom kraftfondet. Tilskotet vert utmålt ved at dokumenterte kostnader til bygg og innkjøp på kr. 200.000 eller meir gir fullt tilskot, dokumenterte kostnader under 200.000 gir grunnlag for forholdsmessig nedjustert tilskot.

Kraftfondsstyret - 007/2016

KRFT - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Drivar av Sandneskafeen Berit Lygre og og dagleg leiar i GMU Solveig Kristiansen møtte til denne saka

og orientert om grunnlaget for søknaden.

Møtet vart heva og kraftfondstyret gjennomførte synfaring på Sandeskafeen.

Møtet vart sett og ordførar Karstein Totland (H) sa seg inhabil i saka sidan han er aksjeeigar i Sandneskafeen. Totland vart samrøystes vedteken inhabil og forlot møtet. Varaordførar Torill Torsvik Størkersen (Ap) overtok som møteleiar.

Saka vart drøfta.

Kraftfondstyret samla seg om følgjande tillegg til framlegg til vedtak:

Tilskotet vert utbetalt når det er etablert eige selskap.

Framlegg til vedtak med tillegget som vart jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Berit Lygre får tilskot med inntil kr. 40.000 gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt som inneber vidareutvikling av tilbodet ved Sandnesskafen. Tilskotet vert utbetalt når det er etablert eige selskap.

Kommunestyret - 066/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Rådmannen gjorde merksam på at Sandneskafeen må gje melding til kommunen om at verksemda vert overført til ny drivar. Ny drivar må ha serveringsløyve med etablererprøve og skjenkeløyve med kunnskapsprøve for å kunne drive kafe med matsservering og skjenking. Det er difor ikkje tilstrekkeleg å berre etablere eige selskap.

Framlegg til vedtak frå kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Berit Lygre får tilskot med inntil kr. 40.000 gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt som inneber vidareutvikling av tilbodet ved Sandnesskafen. Tilskotet vert utbetalt når det er etablert eige selskap.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - L81	14/1196

Saknr	Utval	Type	Dato
090/2016	Formannskapet	PS	19.09.2016
067/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Utbyggingsavtale Liarinden

Vedlegg:

Journalposttittel

Utbyggingsavtale-forslag liarinden 19 8 2014

Dato

22.07.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for drøfting i formannskapet

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det har over nokre år vorte jobba med å få på plass ein utbyggingsavtale og realisering og utbygging av bustadfeltet Liarinden.

Vurdering

Mykje er etter kvart avklart og på plass.

Finansiering er utfordringa.

Kommunen har tilbydd kommunal medverknad med 1,2 mill.kr. som gjeld mva. til VAR delen av prosjektet, kalkulert til brutto 6 mill.kr. og 1,16 mill.kr. (basert på ordning med etableringstilskot), samla litt over 2,3 mill.kr.

Samla utbygging av feltet inkl. alle kostnader kjem for opp i over 15 mill.kr., og tanken er å ferdigstille anlegg og ha byggeklare tomter til sals. Utbygger har i møte den 26.aug.16 sett fram krav om at kommunen må bidra med 6 mill.kr. for at han skal gjennomføre prosjektet. Det er såleis eit avvik mellom tilbod og ønskje, som ein i denne omgang ønskjer formannskapet drøftar før ein går vidare med forhandlinga og fullføring av

Fakta

utkast til utbyggingsavtale følgjer som saksvedlegg.

Konklusjon

status i saka/prosjektet vert lagt fram for drøfting i formannskapet og vidare avklaring av framdrift og kommunal medverknad.

Formannskapet - 090/2016**FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyret ønskjer at forhandlingane med utbyggjar skal halde fram .

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Kommunestyret ønskjer at forhandlingane med utbyggjar skal halde fram.

Kommunestyret - 067/2016**KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Wenke Fredheim Ekrem stilte spørsmål om ho var inhabil i saka. Ekren vart samrøystes vedteken habil.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret ønskjer at forhandlingane med utbyggjar skal halde fram.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - Q10, TI - &40	16/660

Saknr	Utval	Type	Dato
089/2016	Formannskapet	PS	19.09.2016
068/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Prioriteringar av vegprosjekt i Masfjorden kommune i samband med Nordhordlandspakka

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Oversiktskart	09.09.2016
Utsnitt_1	09.09.2016
Utsnitt_2	09.09.2016
Utsnitt_3	09.09.2016
Utsnitt_4	09.09.2016
Utsnitt_5	09.09.2016
Utsnitt_6	09.09.2016
Utsnitt_7	09.09.2016
Utsnitt_8	09.09.2016
Utsnitt_9	09.09.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune prioriterer følgjande prosjekt i Nordhordlandspakka innanfor godkjent reguleringsplan for utbetring av fylkesveg 570 mellom Einestrand – Nordre Kvinge:

1. Utviding/ utbetring 500 meter frå bakketopp Einestrand.
2. Utviding/ utbetring 200 meter på Kvinge
3. Utviding/ utbetring 200 meter på Kvinge
4. Fjerning av fjellnabbar i eit svingete parti på Kvinge
5. Utviding/ utbetring 75 meter like sør for kryss gardsveg på Søre Kvinge
6. Utviding/ utbetring 230 meter frå bru til kryss Åbakken (ved Marine Harvest)
7. Utviding/ utbetring ca 100 meter opp bakken vest for kryss Skolten
8. Møteplass ca 100 meter før gardstun på Nordre Kvinge
9. Utviding/ utbetring ca 200 meter bakken ned mot kryss Kvingedalsvatnet

Grunngjevinga for vedtaket og kva tiltaka som skal prioriterast er gjeve i saksutgreiinga, og alle 9 punktutbetringane har like høg prioritet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Nordhordlandspakka var til handsaming i alle kommunane hausten 2014, og Masfjorden kommune handsama saka den 19.06.2014, sak 35/14. Det er no oppretta ein prosjektorganisasjon hjå Statens Vegvesen, som skal jobba vidare med tiltaka som ligg inne i vegpakka. I tillegg skal det opprettast eit kontaktutval med representantar frå Statens Vegvesen, fylkeskommunen og frå regionrådet. Endeleg vedtak om finansiering og rammer for pakka skal skje på Stortinget anten i haust eller våren 2017. Nordhordlandspakka inneheld mange veg- og kollektivtiltak i alle kommunane, og i Masfjorden er det sett av 30 millionar til vegutbetring/ trafikksikring, der 22 millionar kjem frå bompengar, og 8 millionar kjem frå fylkeskommunen.

Nedunder er kartutsnitt av prosjektoversikten vist frå søknaden, og kartet viser her at det skal skje punktutbetringar på fylkesveg 570 i Masfjorden.




Statens vegvesen har difor no teke kontakt med Masfjorden kommune, og ber om at kommunen tek stilling til kva vegprosjekt som skal prioriterast i Masfjorden knytt til pakka. Kommunen si prioritering skal oversendast til ei gruppe i Statens Vegvesen som arbeidar med Nordhordlandspakka.

I kommuneplanen sin samfunnsdel på side 12 står det at utbetring av fylkesveg 570 Andås til Masfjordnes er ei viktig satsing i tillegg til hovudsatsinga på Masfjordbrua.

I Masfjorden kommune ligg det føre ein godkjent reguleringsplan langs fylkesveg 570 mellom Einestrاند til Nordre Kvinge. Denne reguleringsplanen fekk tilskot frå Statens Vegvesen, og vart godkjent i kommunestyret den 18.06.2015, og omfattar ei strekning på ca 6 km.

I tillegg er det mange tiltak på denne vegstrekninga som er lista opp i «Kommunedelplan for trafiksikring, som vart godkjent i sak 062/2014 i kommunestyret den 30.10.16. Kartutsnittet frå denne planen viser raud farge der det er ulykkepunkt, og grøn farge viser der det er kartlagt som trafikkfarleg.



Vurdering

Det er til saman mange prosjekt i kommunane, og det vil stille store krav til prosjektstyring og prosjektgjennomføring hjå Statens Vegvesen. Prosjektgjennomføringa må styrast med grunnlag i prioriteringar, planavklaringar, kostnadsendringar og eventuelle endringar i dei økonomiske rammene for pakka. Løyving frå fylkeskommunen vil skje i dei årlege fylkesbudsjetta.

Rådmannen viser her til fagtagrunnlaget ovanfor, og meiner det er svært mange stadar det er viktig å få gjort noko med på fylkesveg 570 mellom E39 Andås og Masfjordnes. Denne saka handlar om kva ein skal prioritera av punktutbetringar, og ein rår då til at ein prioriterer prosjekt innanfor område med godkjent reguleringsplan. Då er det vegstrekninga mellom Einestranda og Nordre Kvinge som bør prioriterast. Tek ein inn område som er uregulert vil de gje ekstra utfordringar for prosjektorgansiasjonen, særleg for dei som skal forhandla med grunneigarar og få på plass naudsynte avtalar med desse. Det igjen kan gje medføra tap av tid og andre vanskar, og det igjen kan medføra at andre prosjekt andre stadar utanfor Masfjorden får høgare prioritet.


Innanfor planområdet er det og registrert mange ulykkespunkt, jf. trafiksikringsplanen på side 21-23 og handlingsplanen til denne sitt punkt 8. Innanfor det regulerte området meiner rådmannen difor at følgjande kriterier bør leggjast vekt på:

- Punktutbetringar/ mindre utbetringar langs fylkesvegen der det er dårleg sikt med uheldig horisontal og/ eller vertikal kurvatur og som difor er kartlagd som trafikkfarlege.
- Punktutbetringar/ mindre utbetringar der det er flaskehalsar for møtande trafikk, noko

som krev mykje rygging og venting, og som reduserer framkomsten for større lastebilar og for bussar m.fl.

- Punktutbetringar/ mindre utbetringar som kan gjennomførast utan at alle krava i vegnormalane vert gjort gjeldande, slik at ein får fleire meter ny/ oppgradert veg for den samla økonomiske ramma.

Masfjorden kommune har med utgangspunkt i kriteria ovanfor hatt synfaring med Statens Vegvesen, og har kome fram til at følgjande strekningar bør prioriterast i samband med Nordhordlandspakka. Det vert vektlagt at den økonomiske ramma i pakka er på ca 30 millionar kroner, og at det er viktig å ha ei portefølgje av prosjekt som er realistiske å få til. Dette er viktig både for å unngå å skapa for store forventningar hjå folk, men og for å sikra ei rasjonell framdrift i prosjektorganisasjonen. Nedunder er framlegget til 9 punkt/ mindre strekningsvise tiltak vist, og tala som er vist er teke frå profil reguleringsplan Einestrand – Nordre Kvinge.



1. Utviding/ utbetring 500 meter frå bakketopp Einestrand.
2. Utviding/ utbetring 200 meter på Kvinge
3. Utviding/ utbetring 200 meter på Kvinge
4. Fjerning av fjellnabbar i eit svingete parti på Kvinge
5. Utviding/ utbetring 75 meter like sør for kryss gardsveg på Søre Kvinge
6. Utviding/ utbetring 230 meter frå bru til kryss Åbakken (ved Marine Harvest)
7. Utviding/ utbetring ca 100 meter opp bakken vest for kryss Skolten
8. Møteplass ca 100 meter før gardstun på Nordre Kvinge

9. Utviding/ utbetring ca 200 meter bakken ned mot kryss Kvingedalsvatnet

Med ein utbetningskostnad per meter fylkesveg på ca 15000 krone/ meter vil alle prosjekta kunna gjennomførast. Vert summen litt høgare må enkelte strekningar takast ut. Endeleg avklaring om kva som er realistisk vil difor ikkje vera på plass før utbetringane er ferdig prosjektert og vore på anbodsrunde i marknaden. Oppstart kan difor tidlegast skje i 2018.

Konklusjon

Masfjorden kommune prioriterer utifrå kriteria nemnd ovanfor at midlar i Nordhordlandspakka går til ovannemde 9 punkt-/mindre strekningsvise tiltak langs fylkesveg 570 innanfor reguleringsplan for utbetring av fylkesveg 570 mellom Einestrand og Nordre Kvinge.

Formannskapet - 089/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune prioriterer følgjande prosjekt i Nordhordlandspakka innanfor godkjent reguleringsplan for utbetring av fylkesveg 570 mellom Einestrand – Nordre Kvinge:

1. Utviding/ utbetring 500 meter frå bakketopp Einestrand.
2. Utviding/ utbetring 200 meter på Kvinge
3. Utviding/ utbetring 200 meter på Kvinge
4. Fjerning av fjellnabbar i eit svingete parti på Kvinge
5. Utviding/ utbetring 75 meter like sør for kryss gardsveg på Søre Kvinge
6. Utviding/ utbetring 230 meter frå bru til kryss Åbakken (ved Marine Harvest)
7. Utviding/ utbetring ca 100 meter opp bakken vest for kryss Skolten
8. Møteplass ca 100 meter før gardstun på Nordre Kvinge
9. Utviding/ utbetring ca 200 meter bakken ned mot kryss Kvingedalsvatnet

Grunngjevinga for vedtaket og kva tiltaka som skal prioriterast er gjeve i saksutgreiinga, og alle 9 punktutbetringane har like høg prioritet.

Kommunestyret - 068/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune prioriterer følgende prosjekt i Nordhordlandspakka innanfor godkjent reguleringsplan for utbetring av fylkesveg 570 mellom Einestrand – Nordre Kvinge:

1. Utviding/ utbetring 500 meter frå bakketopp Einestrand.
2. Utviding/ utbetring 200 meter på Kvinge
3. Utviding/ utbetring 200 meter på Kvinge
4. Fjerning av fjellnabbar i eit svingete parti på Kvinge
5. Utviding/ utbetring 75 meter like sør for kryss gardsveg på Søre Kvinge
6. Utviding/ utbetring 230 meter frå bru til kryss Åbakken (ved Marine Harvest)
7. Utviding/ utbetring ca 100 meter opp bakken vest for kryss Skolten
8. Møteplass ca 100 meter før gardstun på Nordre Kvinge
9. Utviding/ utbetring ca 200 meter bakken ned mot kryss Kvingedalsvatnet

Grunngjevinga for vedtaket og kva tiltaka som skal prioriterast er gjeve i saksutgreiinga, og alle 9 punktutbetringane har like høg prioritet.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - N64	14/565

Saknr	Utval	Type	Dato
088/2016	Formannskapet	PS	19.09.2016
069/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Drøfting om utbygging av fleire område for breidband i Masfjorden

Vedlegg:

Journalposttittel

Telenor FTTH Masfjorden

Dato

11.09.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret løyver 1 million kroner til breidband i heimane i Masfjorden. (Denne summen kjem i tillegg til NKOM midlane på 3,5 million)

Følgjande andre område vert prioritert teke inn i tillegg til dei 8 områda som Telenor alt har kontrakt om:

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Masfjorden kommune har no skrive kontrakt med Telenor Norge AS (Telenor) for å byggja ut breiband til heimar i Masfjorden kommune. Kontrakten med Telenor er på krone 3,5 millionar, og er lik det Masfjorden kommune fekk i tilskot frå nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) i brev av 27.10.2015, midlar som no er overført til kommunen. I følgje avtalen skal breibandsutbygginga starta opp i vinter og arbeidet vera ferdig innan 1. desember 2017.

I samband med orientering om kontraktstildelinga, ga NKOM til kjenne at søknaden forpliktar kommunen til å bidra med beløpet som vart ført opp i tabell 4.1, sjå under, og at dersom tilbodskonkurransen gav eit resultat at prosjektet kan realiserast til ein lågare kostnad enn forutsett i søknaden, skal det statlege tilskotet reduserast tilsvarande, evt. at utbygginga kan utvidast til å omfatte flere områder etter nærmare avtale med Nkom.

Tabell 4.1 Gje opp alle tal i kroner	Prosjektet som heilskap ⁷	Masfjorden kommune	<Namn på partnar nr 2>	<Namn på partnar nr 3>	<Namn på partnar nr 4>
1.1 Lokale offentlege finansielle middel	1.000.000	1.000.000			
1.2 Lokal offentlig personinnsats ⁸	200.000				
1.3 Lokale private finansielle middel	2.000.000				
1.4 Lokal privat eigeninnsats/dugnad					
1. SUM LOKAL MEDFINANSIERING	3.200.000				
2. Forventa eigendel til utbyggar	1.100.000				
3. Støttemiddel frå ordninga (Staten)	3.500.000				
SUM FINANSIERING	7.800.000				

Det betyr at kommunen må bidra med 1 million kroner i prosjektet.

Dei utvalde områda det no er skrive kontrakt om utbygging av fiber til heimane er:

**1) Sandnes/ Kvamme, 2) Matre, 3) Hosteland, 4) Haugsvær, 5) Solheim, 6) Sleire/
Frøyset,**

7) Straumsvika og 8) Ytre Haugsdal/ Haugsdalsvågen. Det vert vist til vedlagde kart.

Det betyr at ein no får bygd ut fiber til ca 350 hus og hytter i tillegg til dei tre prioriterte område som til saman har ca 230 hus/hytter, til saman vert det eit tilbod til ca 570 bueiningar/ hytter.

Telenor Norge AS skreiv i tilbodsdocumentet følgjande om andre område i Masfjorden:

« Utvidelser og nye områder:

Telenor ser et bra potensiale for vidare utbygging med FTTH/FTTB til boliger og næringsseiendommer i tilliggende og mellom konkurranseutlyste områder. Eksempel på dette er

- Kvingo-Mjanger

- Andvik

- Duesund/Reknes

- Giljane

- Holsøya

Telenor ønsker vidare dialog med Masfjorden kommune om slik utbygging.»

Kommunen har i ettertid prøvd å finne ut kva kostnader ei utbygging av breiband i desse utvalde områda kan koma på. Dette som grunnlag for politisk drøfting og eventuell prioritering.

Eit grovt, uforpliktande anslag for tilskotsbehovet for dei 5 områda nemnd ovanfor har ein funne ut kan vera i storleiken 5 mill, der estimert andel av tilskotsbehovet pr. område er gjeve i lista under:

- Andvik 15 %
- Duesund/Reknes 22 %
- Giljane 17 %
- Holsøya 8 %
- Kvingo-Mjanger 38%

Fordeler ein 5 millioner slik får me følgjande fordeling i kroner:

• Andvik 15 %	750.000,-
• Duesund/Reknes 22 %	1.100.000,-
• Giljane 17 %	850.000,-
• Holsøya 8 %	400.000,-
• Kvingo-Mjanger 38%	1.900.000,-

Vurdering

Administrasjonen meiner at det er viktig at det snarast vert gjort ei politisk drøfting om kva ekstra område som bør prioriterast innanfor den millionen som kommunen har lova skulle nyttast til breidbandprosjektet. Alternativet er at ein må betala tilbake deler av tilskotet.

Det er viktig å få mest mogeleg nytte for kvar krone som vert brukt. Ein vil og vise til at Reknes Byggjeverar L.L ved fleire høve har gjeve melding om at dei slit med dårleg nett i Selvåg, og at dei difor har bede om tilbakemelding på kva som ligg i pakken som Masfjorden kommune har signert med Telenor. Rådmannen meiner ein bør prioritere område der det er størst potensiale for tilvekst av nye bustader og nye innbyggjarar. Då er både området ved Giljane, bustadfeltet ved Duesund og einskildbygder på sørsida viktig å få drøfta.

Før søknad vart sendt til NKOM hadde kommunestyret i møte den 19.06.2014 til handsaming i sak 034/2014 om kva område som skulle prioriterast. Då stod det følgjande i saksframlegget:

Masfjorden kommune er ein av kommunane i Hordaland som har dårlegast dekningsgrad når det gjeld breiband med grunnleggjande god kvalitet (breiband med høg hastigheit) til husstandar. Det er eit nasjonalt mål å bidra til at alle husstandar får tilbod om godt breiband, og det er no sett av tilskot på statsbudsjettet for å styrka breibandsutbygginga til område der kommersielle tilbydarar ikkje er til stades. Det er Post og teletilsynet som forvaltar tilskotsordninga, og kommunane sender inn søknader via fylkeskommunane sine.

Uttale

Masfjorden kommune kunngjorde på heimesida si dei tre prioriterte områda, og fekk ein merknad innanfor svarfristen som vart sett til 05.06.2014. Denne merknader frå Thor-Ole Vågane av 23.mai 2014 er vist som vedlegg i saka, og han meiner at Hostelandsområdet bør prioriterast høgare. Han viser mellom anna til byggjefelt i Arekletten, og at det er mange hus og hytter på Sleire og i området rundt som ønskjer breiband.

Vurdering

Det er viktig at Masfjorden kommune har ein strategi med omsyn på å prioritera kor ein skal satsa på utbygging av breiband med høg kvalitet til heimane. Ein klar kommunal strategi vil vera viktig for framtidige samarbeidspartnarar innanfor breibandsutbygging og drift, og for Post- og Teletilsynet, når dei skal vurdere kven dei skal gje tilskot til når det gjeld breibandutbygging.

Administrasjonen har drøfta med BKK Fiber AS kva område det er rett å prioritera i første runde med omsyn på å få til utbygging av breiband til heimane. Eit viktig kriterie har vore kostnadseffektivitet med god utnytting av eksisterande infrastruktur som grøfter, stolpar m.m., samt pårekeleg med bærekraftig drift i ettertida, og at det er lokale bedrifter i nærrområda som og kan koplust på.

Ein har i sett det som rett å prioritere dei tre områda som alle fungerer som sentre med skule, barnehage og offentlege og private tenester, og som til saman dekker ca 230 husstandar inkludert enkelte hytter. Å prioritera ned enkelte av desse tre områda, meiner administrasjonen vil vera

uheldig, då det vil redusera satsinga nedfelt i kommuneplanen sin samfunnsdel om livskraftige bygder og auka folketal på side 20 og 21. Vidare vil ein visa til at det i desse tre områda er relativt mange husstandar:

- Nordbygda/ Hosteland med ca 61 husstandar

- Matre med ca 53 husstandar

- Masfjordnes / Sandnes med ca 121 husstandar

Når desse områda er bygd ut vil det og vera lettare å få til ei utvikling vidare i andre deler av kommunen. Det kan og hende at det er tettbygde område som kan byggjast ut på kommersielt grunnlag om ein lokal nettutbyggjar får vurdert dette nærmare. Målet må vera å få bygd ut denne viktige infrastrukturen over tid, slik at så mange som mogeleg i alle deler av Masfjorden kommune etter kvart kan få eit stabilt og godt tilbod om digital kommunikasjon. Ved å satsa på dei tre utvalde områda, vil ein etablere tre tyngdepunkt, som det vil vera naturleg å byggja vidare breidband ut frå til andre grender og bygdelag. I tillegg kan det i regi av BKK Fiber eller andre nettutbyggjarar skje utbygging i tilknytning til anna infrastruktur, mellom anna i samband med bygging av nye høgspenlinjer. Det kan og vera mindre område der det er kommersielt grunnlag for utvikling av fibernett. Dette er område kommunen i nært samarbeid med fiberutbyggjar kan drøfta nærmare, t,d, område som Haugsvær, Solheim, Andvik, Duesundøy m.fl.

Konklusjon

Masfjorden kommune prioriterer i første omgang dei tre bygdesentrene Hosteland, Matre og Masfjordnes for breibandutbygging. Det vert vist til vedlagde notat frå BKK Fiber av 7. mai 2014. Vert det gjeve tilskot frå Post og Teletilsynet vil saka verta fremja på nytt som eit investeringsprosjekt i regi av Masfjorden kommune.»

Det vart då gjort følgjande vedtak:

« Kommunestyret viser til utgreiinga og prioriterer følgjande tre område for utbygging av breidband til heimane:

· Masfjordnes/ Sandnes

· Matre

· Hosteland/Nordbygda»

Konklusjon

Rådmanen rår til at formannskapet no løyver krone 1 million til investeringsprosjektet breidband til heimane. Denne summen kjem i tillegg til NKOM sitt tilskot på krone 3,5 million. Kva område som skal prioriterast til å koma med i tillegg til dei 8 områda Telenor har skrive kontrakt om må no avklarast politisk. Det er eit krav i tilskotet at utbygginga er gjennomført i løpet av 2017, og difor hastar det med ei avgjerd.

Formannskapet - 088/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Ordførar ba om fullmakt til å møte Telenor for å finne ut kva som konkret ligg i deira planar og å kome tilbake med prioriteringane til kommunestyret.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Kommunestyret løyver 1 million kroner til breidband i heimane i Masfjorden. (Denne summen kjem i tillegg til NKOM midlane på 3,5 million)

Følgjande andre område vert prioritert teke inn i tillegg til dei 8 områda som Telenor alt har kontrakt om:

Kommunestyret - 069/2016**KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

John Torsvik (H) sette fram følgjande endringsframlegg (siste setning går ut og vert erstatta med teksten nedaf0r:

Ordførar og rådmann får fullmakt til å utvide søknadar og kontraktar innafor ei ramme på kr. 2 mill i eigenfinansiering. Rammene vert å innarbeide i budsjett og økonomiplan.

Kommunestyret ynskjer at prinsippet om at flest brukarar pr. investerte rammer ligg til grunn for prioritering.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med endringa frå H vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret løyver 1 million kroner til breidband i heimane i Masfjorden. (Denne summen kjem i tillegg til NKOM midlane på 3,5 million)

Ordførar og rådmann får fullmakt til å utvide søknadar og kontraktar innafor ei ramme på kr. 2 mill i eigenfinansiering. Rammene vert å innarbeide i budsjett og økonomiplan.

Kommunestyret ynskjer at prinsippet om at flest brukarar pr. investerte rammer ligg til grunn for prioritering.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE - 131, TI - &13	15/712

Saknr	Utval	Type	Dato
087/2016	Formannskapet	PS	19.09.2016
070/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Kommunedelplan for fjellheimen villreinområde - slutthandsaming

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
plankart, vedteke	28.06.2016
Temakart_Vedteke	28.06.2016
Villreinplan 2016-2027, vedteken	28.06.2016
Vedtaksbrev	29.06.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 9-1, vedtek kommunestyret framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med plankart og temakart.

Det vert vist til vedlegg i saka.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Kommunane Vik, Aurland, Høyanger, Modalen, Vaksdal og Voss har i fellesskap utarbeida eit framlegg til ein interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde. Planarbeidet har fått tilskot frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Hordaland. Planområdet omfattar og areal i Masfjorden kommune, og saka vart difor i 2015 oversendt Masfjorden kommune til handsaming for offentleg utlegging. Formannskapet i Masfjorden kommune drøfta saka og gjorde vedtak i møte den 01.12.2015, sak 141/2015 om å leggja framlegget ut på høyring.

Planframlegget har no vore utlagt til offentleg ettersyn i dei respektive Kommunane. Det er innkomme totalt 15 merknader til planframlegget, og desse er no innarbeidd i endeleg framlegg til plandokument sjå vedlegg. Voss kommune har hatt sekretariatfunksjonen for planarbeidet, og har oppsummert merknadane til planframlegget på vegne av dei andre kommunane.

Det er no eit siktemål at kommunane no gjer likelydane vedtak av planen. Vedlagde kommunedelplan er alt handsama og og godkjent i Vaksdal, Høyanger og Voss kommune.

Formålet med planarbeidet er å sikra villreinstamma gode levevilkår i eit langsiktig perspektiv.

Fjellheimen villreinområde har eit teljande areal på ca. 1700km². Vesentlege deler av villreinområdet er verna etter naturvernlova som landskapsvernområde. Stølsheimen landskapsvernområde (367 km²) vart oppretta i 1990, og Nærøyfjorden landskapsvernområde (576 km²) vart oppretta i 2002. Resten av arealet er i hovudsak avsett som LNF- område i dei ulike kommuneplanane i området. Unntak er reguleringsplan for Voss Fjellandsby i Myrkdalen og nokre område for hytteutbygging i Vik kommune. Målet med villreinstamma er å oppretthalda ein vinterbestand på ca 500 dyr. For å klara dette må ein sikre leveområdet og levevilkåra på ein god måte.

Planavgrensing og planframlegg

Planarbeidet tok utgangspunkt i teljande areal for villreinstamma slik den er omtala i bestandsplan for Fjellheimen villreinområde (areal over skoggrensa - her definert til kote 700 moh). Omsynssona omfattar med nokre unntak alt areal over kote 700. Område vest for Modalen/ Norddalen som og inkluderer arealet i Masfjorden kommune er i planen definert som randsone til villreinområdet.

I kap 8.1 i planframlegget er det foreslått føresegner som gjev denne planen status over gjeldande planar dersom det er motstrid mellom desse. I kap 9 er det gjeve retningslinjer for ulike område i planen. I kap 9.4 er det eigne retningslinjer for randområda (gjeld m.a. for Masfjorden kommune).

9.4. Retningslinjer omsynssone (OM560_2) randområde til leveområde For villrein, jf PBL §11-8c

Omsynssona ligg inn mot vestre deler av Fjellheimen Villreinområde. Omsynssona har LNF- formål og omfattar alt areal over kote 700. Føremålet med omsynssona er å ta vare på potensielle leveområde for villreinstamma i Fjellheimen.

- Nye større tiltak i området skal vera heimla i reguleringsplan.*
- Villreinnemda skal ha høve til å gje uttale til alle søknader om reguleringsplanar/dispensasjon før avgjerd.*

Stølsområde

Støls hus og andre bygningar for utmarksnæring i landbruket kan oppførast i stølsområdet når det ligg føre eit dokumentert behov, og bruken er i samsvar med plan- og bygningslova sitt landbruksomgrep. Nybygg og ombygging/vøling bør vera tilpassa lokal byggeskikk og tradisjon i stølsområda både i form, dimensjon og materialbruk.

Landbruksveg

Det bør ikkje byggjast nye landbruksveggar eller oppgraderast eksisterande veggar i villreinområdet. Landbruksveggar bør vera stengd med bom, og bør berre nyttast til landbruksformål.

Fritidshus

Det bør ikkje gjevast dispensasjon til frådelling eller oppføring av nye fritidshus utanfor område som er avsett til byggeformål i godkjende planar. Etter ei nærare vurdering kan det gjevast dispensasjon til utviding på inntil 15 m² BRA på eksisterande hytter. Det bør ikkje opnast opp for meir enn ei utviding pr. fritidsbustad.

Kraftutbygging og kraftliner

Ved opprusting/vedlikehald av eksisterande kraftanlegg bør ein nytta eksisterande veganlegg. Ved ev. vilkårsrevisjon for gjeldande konsesjonar i planområdet bør omsyn til villrein vurderast på nytt.

Planframlegget inneheldt i tillegg føringar for vidare planarbeid og forvaltning, samt eit handlingsprogram for perioden 2016 til 2019.

Vurdering

Det aktuelle fjellområdet i Masfjorden ligg i kommuneplanen sin arealdel også som LNF-område med føresegnar som avgrensar bygging som ikkje er knytt til stadbunden primærnæring. Planframlegget som no ligg føre, vil om det vert godkjent, i mindre grad medføra endringar av status for området, sidan det alt er omfatta av avgrensingar i kva som kan opnast for av tiltak. Det nye vert at alle planar/ tiltak i dette fjellområdet må vurderast opp mot kva konsekvensar dei vil kunne ha for villreinen, og at villreinnemnda også skal kunna uttale seg. Kommunane i villreinområdet bør vedta ein felles plan, som sikrar lik handsaming over kommunegrensene. Planen bør og legge til rette for brei medverknad frå ulike interessegrupper slik at konfliktnivået i området vert minst mogeleg.

Det er Masfjorden kommune som planmynde som avgjer kva status dette planarbeidet bør få vidare innanfor kommunen sine grenser. Ved å godkjenna planen som ein interkommunal kommunedelplan i medhald av plan- og bygningslova sin § 9-1 vil det leggja juridiske føringar for forvaltning av areala innanfor planområdet. Kommunedelplanen vil då verta det overordna planverktøyet for kommunane i forvaltninga av villreinstamma i heile dette store fjellområdet, jf. plankartet.

Konklusjon

Rådmannen rår til at interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde 2016 – 2027 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 9-1.

Formannskapet - 087/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 9-1, vedtek kommunestyret framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med plankart og temakart.

Det vert vist til vedlegg i saka.

Kommunestyret - 070/2016**KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 9-1, vedtek kommunestyret framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med plankart og temakart.

Det vert vist til vedlegg i saka.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - U64	16/499

Saknr	Utval	Type	Dato
063/2016	Formannskapet	PS	14.06.2016
071/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016
008/2016	Kraftfondsstyret	PS	19.09.2016

Framtidig organisering av reiselivet for kommunane i Region Nordhordland

Vedlegg:

Journalposttittel

Forretningsmodell - Reiseliv - organisering RegionBergen_2016

Dato

11.09.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å organisera reiselivet i regionen ved å inngå ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy) representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.
2. Kommunestyret vedtek å gje årleg tilskot til Region Bergen Reiseliv i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget, med ein grunnsum på kr 20 000,- pr. år og i tillegg kr 14 pr. innbyggjar i 2017 og justert i samsvar med prisindeksen dei komande åra.
3. Samarbeidsavtale vert utbeidd av Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS med grunnlag i forretningsplanen og vedtaka i kommunestyra. Samarbeidsavtalen vil bli lagt fram for kommunane før endeleg signering.
4. Denne avtalen gjeld frå 01.01.2017 til 31.12.2019. Avtalen kan ikkje seiast opp i dette tidsrommet utan at vesentlege føresetnader i denne avtalen vert brotne. Frå 2020 vil avtalen bli revidert bl.a. med bakgrunn i eventuelle endringar grunna kommunereforma. Etter dette vil avtalen fornyast årleg - eit år om gongen. Oppseiing av avtalen må meldast til avtalepartnaren skriftleg innan 01.10.
5. Kommunestyret ser det som viktig med tydeleg nærvær lokalt. Region Bergen Reiseliv må vidareføre og styrke samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Region Bergen Reiseliv rapportar årleg til Nordhordland Utviklingsselskap IKS og kommunane.
6. Kommunane i Region Nordhordland og kommunane Fjell, Sund og Øygarden får ein representant i styret i Region Bergen Reiseliv.

Saksopplysningar:

Dette fellessaksgrunnlaget skal gje kommunane grunnlag for å vurdere medlemskap i nye «Region Bergen Reiseliv» (arbeidstittel) og gjennom det bidra til ny satsing på reiselivsnæringa i Nordhordland. Etter at Nordhordland Reiselivslag vart lagt ned har det vore gjort eit stort nasjonalt arbeid for å få til ein ny organisering av destinasjonane i Norge. Dette har resultert i at det no ligg til rette for at Nordhordland, saman med Region Vest, kan gå saman om ny satsing i Region Bergen Reiseliv.

I notatet er det omtale av:

- bakgrunn
- forretningsplanen til Region Bergen Reiseliv
- organisering av destinasjonsselskapet
- venta effektar av Region Bergen Reiseliv
- økonomi / finansiering
- innstilling

Norsk reiseliv i framtida

Reiseliv er ei av verdas største næringar og ei av verdas raskast veksande næringar.

Klipp frå reiselivsstrategien "Destinasjon Norge" 2012: «Norge har gode muligheter for å ta sin del av den internasjonale veksten. Regjeringen har valgt å satse særskilt på reiselivsnæringen. Dette valget er gjort på bakgrunn av reiselivsnæringens potensial for vidare verdiskaping, de naturgitte fordelene Norge har og næringens store betydning som distriktsnæring. Regjeringen vil derfor føre en spesielt aktiv politikk overfor reiselivsnæringen.

Norge har unike forutsetninger for å ha gode reiselivsprodukter. Norsk natur er enestående og gir grunnlag for et rikt tilbud av opplevelser. Ved å bruke vår naturgitte konkurransefordel og levere unike opplevelser av høy kvalitet, vil norske reiselivsaktører kunne forsvare det prisnivået som skal til for å øke lønnsomheten i reiselivsnæringen. Reiselivsnæringen skal være en av de næringene Norge skal leve av i fremtiden. Reiselivspolitikken skal bidra til å utvikle en høyproduktiv og kunnskapsbasert næring”

Korte fakta:

- 6,5 % av fastlands-Norge sitt BNP er knytta til norsk reiselivsnæring
- Reiselivsnæringa skaper 1 av 10 årsverk i fastlands- Norge
- 75 % av gjestedøgna i Norge er nordmenn

Nordhordland Reiselivslag

Fram til 2012 var reiselivsnæringa i regionen organisert i Nordhordland Reiselivslag. Reiselivslaget vart stifta i 1987 som ein medlemsorganisasjon for verksemdar, kommunar og organisasjonar i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy. Vedtektene til reiselivslaget sa mellom anna at det skulle arbeide for ei sunn utvikling av reiselivet i Nordhordland, til beste for næringa, arbeidsplassane og samfunnet, og vere den lokale reiselivsnæringa sin fellesorganisasjon og talerøyr. Oppgåvene til laget var marknadsføring / profilering, produktkoordinering, vertskapsplikter, informasjons- og opplysningsarbeid, rådgjevingsorgan og drift av den autoriserte turistinformasjonen. Kontingentsatsen til kommunane var 22 kr. pr. innbyggjar.

Bakgrunnen for at reiselivslaget vart lagt ned i 2012 var at fleire av kommunane meinte at dei betalte ein for stor del av totalfinansieringa samanlikna med den øvrige reiselivsnæringa, at dei fekk for lite igjen for kronene, og at det var vanskeleg for ein person å drifta eit reiselivslag åleine. Fleire av kommunane trakk seg ut og det var då ikkje finansielt grunnlag for å drive laget vidare.

Ny reiselivsstruktur

I 2012 kom regjeringa sin reiselivsstrategi «Destinasjon Norge». Denne la føringar for ei sterkare

samordning og ein betre reiselivsstruktur, sitat:

«Hensikten med en justering av reisemålsselskapsstrukturen er å effektivisere reiselivsnæringen og få mer igjen for de offentlige midlene som bevilges til næringen, samt å gjøre kommunene bedre i stand til å møte reiselivsnæringens behov i utviklingen av helhetlige og gode reiselivsdestinasjoner.»

Hordaland fylkeskommune fylgde dette opp ved å gjennomføre ein prosess for organisering av destinasjonane i fylket. Rapporten frå dette arbeidet tilrår at fylket vert delt i tre destinasjonar:

1. Voss
2. Hardanger
3. Region Bergen med Bergen, Sunnhordland, Nordhordland og Region Vest.

Sunnhordland har valt å stå utanfor ein felles organisasjonsstruktur, men har signalisert at dei ønskjer å delta på fellesprosjekt der det er naturleg.

Region Bergen Reiseliv – Forretningsplan

I den vestlige delen av Hordaland har det vore jobba med temaet «Bergen og kysten». Dette resulterte i ein prosess der ei arbeidsgruppe frå Kysteventyret, Nordhordland og Bergen har utvikla ein forretningsplan for ei felles organisering.

Visjon: Vi skal skape reiselyst!

Målet med ein større region er

- å gjere oss alle moden for vekst. Både nasjonalt, regionalt og internasjonalt
- å oppnå ein sterkare posisjon i høve til alle regioner
- å oppnå synergjar mellom våre 3 regioner
- å styrke lønsemd, auke antall arbeidsplassar og bidra til større volum av tilreisande i kjøpsterke segment.

Strategiar:

1. Marknadsføring og branding. Region Bergen skal gjerast synleg
2. Styrke kultur- og opplevingsregionen med fokus på kongressar, møter og arrangement
3. Produktutvikling og innovasjon
4. Velkomst og service – styrke vertsskapsfunksjonen.

Leveransegaranti:

- Styrke medlem sin konkurransekraft / initiere til ny trafikk / bidra til totalutvikling av reiselivsnæringa
- Rett informasjon til rett tid, på rett stad
- Halde eit høgt aktivitetsnivå / vere tidleg ute på nye marknader / vere i forkant av marknadsutviklinga / ha nærleik til marknaden/ søke stordriftsfordeler
- Ha eit stort kontaktnett / søke gode alliansar / gjere bruk av verkemiddelapparatet og verksemdar der vi har eigarskap
- Produsere dei «offisielle publikasjonane» digitalt og på trykk med høg kvalitet, riktig informasjon og best distribusjon
- Ha medarbeidarar med erfaring og god kompetanse

Verksemd:

Den nye, felles satsinga vil gjerast med utgangspunkt i den eksisterande strukturen som Bergen Reiselivslag og tilpasse denne dei nye behova. Kommunane vil ha ein avtalefesta samarbeidsmodell og reiselivsverksemdene vil ha eit direkte medlemskap.

Bergen Reiselivslag er i dag ein medlemsorganisasjon der årsmøtet vel styret.

Organisering av Destinasjonsselskapet «Region Bergen Reiseliv»:

Bergen Reiselivslag har i dag 24 årsverk. Det er ein fast administrasjon på 11 medarbeidarar, ein prosjektleiar som jobbar med reiselivssaker for heile Hordaland og 12 årsverk som høyrer til Turistinformatjonen.

At Region Nordhordland og Region Vest vert med og dannar nye «Region Bergen Reiseliv» betyr at det må tilførast 2 årsverk:

- Ein «innanriksminister» som skal arbeide med felles prosjekt innan marknadsføring, sal og profilering – internt i Bergensmarknaden
- Ein «utanriksminister» som skal jobba med produktutvikling med fokus på nettverksbygging, fellesprosjekt, fasilitering, konseptutvikling, initiativtakar og tilretteleggar i regionane.

Det vert oppretta ei nettverksgruppe «Reiseliv» i Kysteventyret og i Region Nordhordland. Regionrådet i Nordhordland gjennom Nordhordland Utviklingsselskap IKS etablerer ein vertskapsfunksjon for dette. Personell frå «Region Bergen Reiseliv» som har oppgåver og roller i Nordhordland bidreg inn i nettverksgruppa med kompetanse og aktivitetar som er skildra i forretningsplanen.

Regionen vil ha ein styreplass. Utover dette vil alle medlem i Region Nordhordland bli ein del alle aktivitetane i selskapet og ha tilgang til kompetansen som finst i dei 24 årsverka som allereie er på plass.

Venta effekt ved etablering av "Region Bergen Reiseliv".

Region Bergen Reiseliv, og reiselivsaktørane i dei omkringliggende kommunane spesielt, vil ha ein berekraftig og profesjonell organisasjon, som i utgangspunktet har opparbeida ein betydeleg posisjon for marknadsføring og sal, nasjonalt og internasjonalt. For utviklinga av denne næringa i Nordhordland vil dette vere eit stort skritt i riktig retning for ei styrking og vidareutvikling av næringa. Den nye organisasjonen vil bidra til marknadsføring og sal internt i Region Bergen. På same tid er det eit stort potensiale for å utvikle "kystreiselivet" gjennom ei systematisk og langsiktig satsing. Dette er det sett av ressursar til i denne forretningsmodellen. Ein sterkare Region Bergen vil også forsterke det gode samarbeidet med andre regionar i Hordaland med eigne reisemålsorganisasjonar, ikkje minst der Hordaland fylkeskommune bidrar med målretta ressursar for å stimulere til samarbeid, t.d. gjennom "prosjektleder Hordaland".

Økonomi / Finansiering:

Region Bergen Reiseliv vil ha ein omsetnad på om lag 94 mill. NOK. Det er i budsjettet lagt opp til at kommunane melder seg inn frå hausten 2016, men det er ei opning for at kommunane kan velje å melde seg inn frå og med januar 2017. Fullfinansiering frå 2017 for kommunane i Nordhordland er kr 750 000,-.

I utgangspunktet har dagens Bergen reiselivslag peika på at det i førebuingane vil påløpa nokre kostnader t.d. biletetaking, omprofilering, prosjekttrettleiing m.v. Her vil ein kunne søkja fylkeskommunen og/eller andre om støtte, men kommunane må vera førebudd på eit spleiselag. Me antar at dette kan takast administrativt i kommunane, evt. at Bergen reiselivslag forskotterer utgiftene og at det vert ei eige budsjettsak til hausten.

Budsjettet til Region Bergen Reiseliv:

Inntekstposter	Region Vest		Nordhordland		Bergen		SUM	
	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017
Kommunale tilskot	700	700	400	750	3 000	4 000	4 100	5 450
HFK, fast tilskot	150	200		150	150	200	300	550
HFK, prosjektleiar					800	800	800	800
Fylkeskommunale prosjekt					500	500	500	500
Medlemmer	150	200	175	200	6 600*	6 800*	6 925	7 200
Private bidrag	50	200					50	200
Annonser og kampanjar					18 650	20 000	18 650	20 000
Prosjektinntekter					300	500	300	500
Vertskapssenter					59 000	59 000	59 000	59 000
SUM	1 050	1 300	575	1 100	89 000	91 800	90 625	94 200

Fordeling av kostnader pr. kommune

Total kostnad		750 000
Fast del pr. kommune	20 000	160 000
Resten fordelt etter innbyggartal		590 000

Kommune	Folketal 01.01.2016	Fast del Etter folketal	Totalt
1252 Modalen	381	20 000	25 356
1253 Osterøy	7 957	20 000	131 859
1256 Meland	7 812	20 000	129 821
1260 Radøy	5 077	20 000	91 372
1263 Lindås	15 607	20 000	239 403
1264 Austrheim	2 858	20 000	60 178
1265 Fedje	576	20 000	28 097
1266 Masfjorden	1 701	20 000	43 913
Totalsum	41 969	160 000	590 000

Sum pr. kommune vert då kr 20 000 i grunnsom pluss kr 14 pr. innbygger.

Formannskapet - 063/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kraftfondstyre.

FS - vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å organisera reiselivet i regionen ved å inngå ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy) representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.
2. Kommunestyret vedtek å gje årleg tilskot til Region Bergen Reiseliv i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget, med ein grunnsum på kr 20 000,- pr. år og i tillegg kr 14 pr. innbyggjar i 2017 og justert i samsvar med prisindeksen dei komande åra.
3. Samarbeidsavtale vert utbeidd av Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS med grunnlag i forretningsplanen og vedtaka i kommunestyra. Samarbeidsavtalen vil bli lagt fram for kommunane før endeleg signering.
4. Denne avtalen gjeld frå 01.01.2017 til 31.12.2019. Avtalen kan ikkje seiast opp i dette tidsrommet utan at vesentlege føresetnader i denne avtalen vert brotne. Frå 2020 vil avtalen bli revidert bl.a. med bakgrunn i eventuelle endringar grunna kommunereforma. Etter dette vil avtalen fornyast årleg - eit år om gongen. Oppseiing av avtalen må meldast til avtalepartnaren skriftleg innan 01.10.
5. Kommunestyret ser det som viktig med tydeleg nærvær lokalt. Region Bergen Reiseliv må vidareføre og styrke samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Region Bergen Reiseliv rapportar årleg til Nordhordland Utviklingsselskap IKS og kommunane.
6. Kommunane i Region Nordhordland og kommunane Fjell, Sund og Øygarden får ein representant i styret i Region Bergen Reiseliv.

Kraftfondsstyret - 008/2016

KRFT - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

Region Bergen Reiseliv bør vere ei lærebedrift i reiselivsaget.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tilleggspunktet frå Ap vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å organisera reiselivet i regionen ved å inngå ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy) representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.
2. Kommunestyret vedtek å gje årleg tilskot til Region Bergen Reiseliv i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget, med ein grunnsum på kr 20 000,- pr. år og i tillegg kr 14 pr. innbyggjar i 2017 og justert i samsvar med prisindeksen dei komande åra.

3. Samarbeidsavtale vert utarbeidd av Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS med grunnlag i forretningsplanen og vedtaka i kommunestyra. Samarbeidsavtalen vil bli lagt fram for kommunane før endeleg signering.
4. Denne avtalen gjeld frå 01.01.2017 til 31.12.2019. Avtalen kan ikkje seiast opp i dette tidsrommet utan at vesentlege føresetnader i denne avtalen vert brotne. Frå 2020 vil avtalen bli revidert bl.a. med bakgrunn i eventuelle endringar grunna kommunereforma. Etter dette vil avtalen fornyast årleg - eit år om gongen. Oppseiing av avtalen må meldast til avtalepartnaren skriftleg innan 01.10.
5. Kommunestyret ser det som viktig med tydeleg nærvær lokalt. Region Bergen Reiseliv må vidareføre og styrke samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Region Bergen Reiseliv rapportar årleg til Nordhordland Utviklingsselskap IKS og kommunane.
6. Kommunane i Region Nordhordland og kommunane Fjell, Sund og Øygarden får ein representant i styret i Region Bergen Reiseliv.
6. Region Bergen Reiseliv bør vere ei lærebedrift i reiselivsaget.

Kommunestyret - 071/2016

KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å organisera reiselivet i regionen ved å inngå ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy) representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.
2. Kommunestyret vedtek å gje årleg tilskot til Region Bergen Reiseliv i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget, med ein grunnsom på kr 20 000,- pr. år og i tillegg kr 14 pr. innbyggjar i 2017 og justert i samsvar med prisindeksen dei komande åra.
3. Samarbeidsavtale vert utarbeidd av Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS med grunnlag i forretningsplanen og vedtaka i kommunestyra. Samarbeidsavtalen vil bli lagt fram for kommunane før endeleg signering.
4. Denne avtalen gjeld frå 01.01.2017 til 31.12.2019. Avtalen kan ikkje seiast opp i dette tidsrommet utan at vesentlege føresetnader i denne avtalen vert brotne. Frå 2020 vil avtalen bli revidert bl.a. med bakgrunn i eventuelle endringar grunna kommunereforma. Etter dette vil avtalen fornyast årleg - eit år om gongen. Oppseiing av avtalen må meldast til avtalepartnaren skriftleg innan 01.10.
5. Kommunestyret ser det som viktig med tydeleg nærvær lokalt. Region Bergen Reiseliv må vidareføre og styrke samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland

Utviklingsselskap IKS. Region Bergen Reiseliv rapportar årleg til Nordhordland Utviklingsselskap IKS og kommunane.

6. Kommunane i Region Nordhordland og kommunane Fjell, Sund og Øygarden får ein representant i styret i Region Bergen Reiseliv.
6. Region Bergen Reiseliv bør vere ei lærebedrift i reiselivsaget.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 024	16/571

Saknr	Utval	Type	Dato
091/2016	Formannskapet	PS	19.09.2016
072/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Høyringsvar frå Masfjorden kommune. Nye oppgåver til større kommunar.

Vedlegg:

Journalposttittel

Høringsnotat nye oppgaver til større kommuner (til publiser(352958)

Dato

03.06.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Høringsnotatet vert lagt fram for drøfting i formannskapet, med sikte på å utarbeidde uttale/innstilling uttale overfor Kommunestyret frå Masfjorden

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt ut eit høyringsnotat med forslag til lov- og forskriftsendringar i samband med at nye oppgåver skal overførast til kommunane. I høyringsnotatet vert det skildra dei enkelte oppgåvene som skal overførast, og det vert føreslått konkret og naudsynte lovendringar knytt til dette.

Høyringsfrist er 1.oktober 2016.

Bakgrunn for saka er at Stortinget har vedteke å overføre nye oppgåver til kommunen. Dette skjedde ved Stortinget si handsaming av Meld. St. 14 (2014–2015) Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner og Innst. 333 S (2014–2015) 9. juni 2015. Stortinget slutta seg til forslag i meldinga om oppgaveoverføringar til kommunane, med noko unnatak. Det vert teke sikte på å legge fram ein samla lovproposisjon om nye oppgåver til kommunane våren 2017, samtidig med forslag om kommunestruktur og nytt folkevalgt regionalt nivå.

Uttale

Høyring

Høringsnotatets kapittel 3 inneholder forslag til lov- og forskriftsendringer knyttet til følgende oppgaver:

- Vigsler som i dag gjøres av notarius publicus
- Andre oppgaver som er lagt til notarius publicus
- Vilt- og innlandsfiskeforvaltning
- Enkelte oppgaver etter forurensningsloven
- Tilskudd til etablering i egen bolig og tilskudd til tilpasning av bolig
- Idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning av svømmeanlegg
- Nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- Tilskudd til tiltak i beiteområder
- Kollektivtransport

Det bes særskilt om høringsinstansenes innspill til disse forslagene.

Noen av oppgaveendringene som Stortinget sluttet seg til skal håndteres i andre løp. Disse oppgaveendringene er nevnt i høringsnotatets kapittel 4 til informasjon, men er ikke en del av selve høringen. Endringene følges opp i egne prosesser fastsatt av de enkelte departementene. De er kun omtalt i høringsnotatet for å gi høringsinstansene et samlet bilde av hvilke oppgaver regjeringen tar sikte på å overføre til kommunesektoren. Dette gjelder blant annet:

- Tannhelsetjenester
- Basishjelpemidler
- Oppgave- og finansieringsansvaret i barnevernet
- Oppgaver på rehabiliteringsområdet
- Tilskuddsordning under Landbruks- og matdepartementets område
- Konesjonsbehandling av små vannkraftverk
- Enkelte oppgaver på politiområdet

Regjering og Storting legg til grunn at det med endra kommunestruktur med større kommunar vil ligge til rette for å kunne overføre fleire oppgåver til kommunane. Hovudtyngda av oppgåver som er føreslått overført til kommunane vert føreslått overført frå 2020 når nye kommunar vert etablert. Det vert lagt til grunn at fleire oppgåver vil gje kommunane moglegheit for å utvikle eit meir heilskapeleg og samanhengande tenestetilbod til innbyggjarane. Det vert vidare vist til at fleire oppgåver vil styrke kommunane som viktig lokaldemokratisk organ med meir makt og mynde. Høringsnotatet kapittel 3 inneheld forslag til lov- og forskriftsendringar knytt til følgjande oppgåver:

Fakta

viser til saksvedlegg/høringsnotatet

Vurdering

Konklusjon

Høringsnotatet vert lagt fram for drøfting i formannskapet, med sikte på å utarbeidde uttale/innstilling uttale overfor Kommunestyret frå Masfjorden

Formannskapet - 091/2016

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Høyringsnotatet vert lagt fram for drøfting i kommunestyret med sikte på å utarbeidde uttale/innstilling frå Masfjorden.

Kommunestyret - 072/2016

KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Kommunestyret vart samde om at ordfører frå fullmakt til å skrive ein høyringsuttale med bakgrunn i diskusjonen i kommunestyret.

KS - vedtak:

Ordfører får fullmakt til å skrive ein høyringsuttale med bakgrunn i diskusjonen i kommunestyret.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 202, TI - &14	16/687

Saknr	Utval	Type	Dato
092/2016	Formannskapet	PS	19.09.2016
073/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Finansrapportering pr. 31.08.2016/2.tertial

Vedlegg:

Journalposttittel

20160902 Masfjorden kommune analyse finansforvaltning (endelig)

Dato

11.09.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering pr. 31.08.2016 vert teken til vitring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Økonomireglement kap. 19.8, rapportering og kontroll

Føremål med rapportering er å informera om faktiske resultat av finansforvaltninga, og eksponering i forhold til dei rammer og retningslinjer som er fastsett i reglement for finansforvaltninga. Rådmannen rapporter minst to gonger årleg til kommunestyret.

Rapporten skal innehalda:

1. Oversikt over langsiktig gjeld fordelt på lånetype, renteutvikling og låneinstitusjon.
2. Oversikt over plassering av ledig likviditet med fordeling på aktivaklasse og vilkår
3. Oversikt over plassering av langsiktig finansiell aktiva med fordeling på aktivaklasse og vilkår.
4. Ein omtale av forventa utvikling i marknaden fram til neste rapporteringstidspunkt og kva konsekvenser rådmannen trekkjer av dette.

Uttale

Vi har fått SR bank til å gjennomføre ein analyse av våres finansforvaltning og deiras rapport og framlegg til endringa og justeringa av rapporteringa og forvaltninga følgjer som saksvedlegg. Justering av noverande praksis og rapportering vert innarbeidd frå og med neste rapportering.

Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning -
kortsiktige låneopptak - høring

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sender med dette et forslag til endring i forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning på alminnelig høring. Formålet med forslaget er å få tydeligere fram ansvaret som kommunene har for å vurdere risikoen knyttet til deres kortsiktige låneopptak og for at denne risikoen blir synliggjort for kommunestyret.

Bakgrunn

De siste årene har det vært en sterk vekst i kommunenes og fylkeskommunenes (heretter bare kalt kommunene) gjeld, og veksten har vært særlig sterk i sertifikatlånene, dvs. lån med løpetid under ett år. Ettersom kommunene ved kortsiktig finansiering jevnlig må rullere lånene, kan kortsiktig finansiering innebære at kommunene påtar seg en ekstra refinansieringsrisiko som de ikke får ved lån med lang løpetid. Denne risikoen knytter seg til at kommunen ikke klarer å innfri sine forpliktelser ved forfall uten at det oppstår store kostnader i form av dyr refinansiering. Kommuner som må refinansiere større beløp og ikke har tilstrekkelig likviditet, vil være mer sårbare dersom refinansieringen må skje i et vanskelig marked.

Forholdet som gjeld behov for endring i finansforskrifta er forhold som Masfjorden kommunen ikkje brukar pr. dato, og vi har såleis ingen merknader/uttale til desse endringane, anna enn at vi må justere og oppdatere vårt eige finansreglement.

Fakta avkastning/status plasseringa utover bank pr. 31.8.2016

	01.01.2016	2016		
		Resultat	Marknadsverdi	Avkastning
Dnb Obligasjon 20	7 020 891,92	191 299,31	7 212 191,23	2,725 %
Holberg Kreditt obligasjonsfond	1 850 737,39	48 004,21	1 898 741,60	2,594 %
Swedbank Aksjer Norge kl.II	4 521 366,60	70 580,08	4 591 946,68	1,561 %
Holberg Global	1 808 718,79	14 174,98	1 822 893,77	0,784 %
Holberg Rurik	628 568,43	53 112,48	681 680,91	8,450 %
Spv Aksje	4 813 139,60	-51 902,98	4 761 236,62	-1,078 %
SUM	20 643 422,73	325 268,08	20 968 690,81	1,576 %

Det er store svingingar i aksjemarknaden og til dels finansuro, plasseringane hadde ein kraftig nedjustering i januar & juni 2016, men i sum utgjer avkastninga pr. 2.tertial betre inntening/avkastning enn plassering i bank. (1,57% vs. 1,27%).

	01.01.2016	2016			jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug
		Resultat	Marknadsverdi	Avkastning								
Dnb Obligasjon 20	7 020 891,92	191 299,31	7 212 191,23	2,725 %	46 755,01	10 472,88	63 536,25	-4 370,41	30 174,47	44 731,11		
Holberg Kreditt obligasjonsfond	1 850 737,39	48 004,21	1 898 741,60	2,594 %	-87 758,00	-61 877,40	21 000,71	85 960,43	34 836,61	-5 168,12	21 521,70	39 488,28
Swedbank Aksjer Norge kl.II	4 521 366,60	70 580,08	4 591 946,68	1,561 %	-518 694,71	-38 983,39	180 426,31	452 249,75	17 353,44	-242 311,99	92 846,21	127 694,46
Holberg Global	1 808 718,79	14 174,98	1 822 893,77	0,784 %	-157 198,33	1 247,87	57 537,82	-40 238,90	89 003,16	-30 510,19	117 252,14	-22 918,59
Holberg Rurik	628 568,43	53 112,48	681 680,91	8,450 %	-68 385,44	32 496,59	26 687,98	-2 159,45	14 294,30	21 837,07	35 474,03	-7 132,60
Spv Aksje	4 813 139,60	-51 902,98	4 761 236,62	-1,078 %			-317 761,45		170 499,21	-94 751,37	219 990,31	-29 879,68
SUM	20 643 422,73	325 268,08	20 968 690,81	1,576 %	-785 281,47	-56 643,45	31 427,62	491 441,42	356 161,19	-306 173,49	487 084,39	107 251,87

Ledig kortsiktig likviditet er plassert i bank med rente tilsvarende 3 mnd. NIBOR + 0,2%. Dette gir ei rente på 1,27% pr. dato (august 2016)

Nibor (3 og 6 måneder)



Langsiktig gjeld; Kommunen har ikkje teke opp nye lån pr. 2.tertial 2016. Fakta/infoen under er såleis basert på status pr. 31.12.2015.

Total lånegjeld Masfjorden kommune 2015

Långiver	Sum av Saldo 1/1	Sum av Nytt lån i året	Avdrag i året	Sum av Ekstraor. avdrag i året	Sum av Saldo 31/12	Sum av Renter
Husbanken	2 145 063,00		561 159,00		1 583 904,00	35 801,66
